



ULSTEIN KOMMUNE

# Budsjett og Økonomiplan 2018-2021



ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGAR OG POSITIVE ENDRINGAR FOR  
INNBYGGARAR OG REGIONALT NÆRINGS LIV. ULSTEIN SAMFUNNET SI FORANKRING  
LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE  
MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.



ULSTEIN - der baug bryt bære



ULSTEIN KOMMUNE

## VERDIGRUNNLAG

Nyskaping  
Omsorg  
Rausheit  
Mangfald



Foto: Per Eide

## STYRINGSMÅL

Nøgde brukarar  
Motiverte og kvalifiserte  
medarbeidarar  
Godt omdøme  
God ressursstyring



Foto: Erlend Notøy

Ulsteinsamfunnet støttar  
og motiverer innbyggjarar,  
organisasjonar og næringsliv som  
viser visjonar, vilje og pågangsmot  
til beste for eiga utvikling,  
medmenneske og samfunn.



Foto: Erlend Notøy

## VÅRE TILSETTE

Arbeider etter verdigrunnlaget  
Set brukaren i fokus  
Representerer jobben og  
kommunen og gjer jobben sin på  
ein profesjonell måte  
Følgjer lojalt opp vedtak  
og styringssignal



Foto: Madeleine Pettersson

## VÅRE LEIARAR

Er utviklingsorienterte  
Kommuniserer godt  
Har endringsvilje  
Er lojale  
Har evne og vilje til leing



“Ulstein - ein god stad for menneske i alle livsfasar

<b>INNLEIING</b>	<b>SIDE 4</b>
<b>OVERORDNA UTVIKLINGSMÅL</b>	<b>SIDE 6</b>
<b>ETATSVISE OVERSIKTER</b>	<b>SIDE 9</b>
Folkevalde	Side 10
Sentraladministrasjon	Side 12
Helse og omsorg	Side 14
Oppvekst- og kulturetaten	Side 16
Teknisk etat	Side 18
<b>ØKONOMISKE OVERSIKTER</b>	<b>SIDE 20</b>
Skjema 1A Driftsbudsjettet	Side 22
Skjema 1B Driftsbudsjettet fordelt på etatar	Side 23
Rammetilskot	Side 24
Berekening av utgiftsbehov	Side 25
Skjema 2A Investeringsbudsjettet	Side 29
Skjema 2B Investeringsbudsjettet	Side 30
Bytrappa	Side 32
<b>AVDELINGSVISE OVERSIKTER</b>	<b>SIDE 34</b>
Økonomiavdelinga	Side 36
Personalavdelinga	Side 37
Kommunikasjonsavdelinga	Side 38
Omsorg – Sone 1	Side 40
Omsorg – Sone 2	Side 41
Omsorg – Sone 3	Side 42
Omsorg – Sone 4	Side 43
NAV	Side 44
Legetenesta	Side 45
Helsestasjonstenesta	Side 46
Haddal skule	Side 48
Hasund skule	Side 49
Ulstein skule	Side 50
Ulsteinvik barneskule	Side 51
Ulstein ungdomsskule	Side 52
Sundgotmarka barnehage	Side 53
PPT	Side 54
Ulstein kompetansesenter	Side 55
Inkludering og mangfald	Side 56
Kulturavdelinga	Side 58
Ulstein kulturskule	Side 59
Ulstein bibliotek	Side 60
Sjøborg kulturhus og kino	Side 61
Hareid og Ulstein brannvesen	Side 64
Anlegg og drift	Side 65
Plan- og bygningsavdelinga	Side 66
VA - Vatn og avløp	Side 68
Veg og hamn	Side 69
Statistikkar	Side 70



# Innleiing

Korleis skaper vi denne nysgjerrigheita som heile tida får oss til å stille spørsmål med det vi gjer, og måten vi gjer det på? Dette skråblikket på oppgåvene vi utfører som gjer at vi arbeider litt annleis i dag enn det vi gjorde i går, og som over tid fører til store endringar? Sjå på mobiltelefonen du har. For 20 år sidan var den ein telefon, no er telefonfunksjonen kanskje den delen du bruker minst av alle tilboda denne datamaskinen gir deg. Over 20 år har den endra seg frå ein telefon til ei nødvendighet som gjer at mange av oss får eit snev av angst når vi gløymer den att og ikkje har den med oss.

Det er denne evna til kontinuerleg utvikling vi må vidareutvikle i organisasjonen vår. Ein del av oss heng nok mentalt att i ei verd der vi tenkjer skippetak på omstilling som ein prosess som har ein start og ein slutt. Der er vi nok ikkje lenger i kommunal sektor.

Dei langsiktige økonomiske rammene for Norge vert strammare. Den demografiske utviklinga er eintydig, sjølv om alderssamsettinga i den enkelte kommune er ulik. Det langsiktige behovet for arbeidskraft innan kommunal sektor er større enn det som er veksten i arbeidsstyrken. Måten vi arbeider på må endrast og kostnadene knytt til tenesteproduksjonen vi har må ned. Kommunane står overfor dei same utfordringane som industrien når dei skal auke produksjonen med færre tilsette og produsere raskare.



Bilete frå ALV si nettside.

Framtida bankar på døra. Pepper er ein sosial robot. Han har vore på besøk på Eidet omsorgssenter i Haram. I februar flyttar han inn. NTNU-studentar skal parallelt skrive bacheloroppgåve om bruk av sosiale robotar

innan helse- og omsorgstenester. Fleire kommunar er i gong med forsøk der dei automatiserer administrative tenester eller sakshandsaming og Bergen kommune har fått mykje omtale i media etter at det tilsette Digifrid som vert omtalt som Noregs første kommunale robot.

## Utviklingsindikatorar

Fylkesstatistikk 2017 viser at andel åleinebuarar i Ulstein kommune har auka frå 10,5 % i 2005 til 12,9 % i 2016 (sjå side 71). Dette er ei endring på 2,4 prosentpoeng. Talet for Møre og Romsdal er 1,5 prosentpoeng. Det at det vert færre personar i kvart privathushald har vore eit av utviklingstrekkka som er trekt fram som viktige når vi snakkar om kommunen i framtida. Kva betyr dette for utvikling av bustad- og tenestetilbod?



Figuren viser relativ utvikling i folketallet basert på SSB sine prognosar. Utgangspunktet, 100 %, er i 2017. Modellen held utviklinga i Ulstein kommune opp mot forventa utvikling i landet. Veksten er ulikt fordelt på aldersgrupper og dei eldste aldersgruppene veks mest målt i prosent. KS har utarbeidd ein modell der dei ser på utvikling i demografikostnader

(kostnader knytt til utviklinga i befolkninga) i den enkelte kommune. Konklusjonen er at kostnadene knytt til utvikling i demografi er større for Ulstein kommune enn for landsgjennomsnittet. Dette er naturleg i og med at kommunen har ein vekst over landsgjennomsnittet. Gruppene som har størst innverknad på rammetilskotet er barn og unge opp til 16 år og eldre, jf. tabell side 25.

Ser vi på den relative utviklinga i dei ulike gruppene basert på KS si oversikt er det ulik utvikling i bildet. Igjen er 2017-tala utgangspunktet og den lilla kurva viser samla utvikling. Pleie- og omsorgsområdet har jamn og til dels høg vekst i tabellen og har ein vekst som ligg over totaltala. Frå 2019 ligg dei betydeleg over den samla veksten. Barnehage viser liten vekst fram til 2019, deretter stigande vekst.

For grunnskuleområdet viser demografimodellen på neste side vekst i 2018, deretter redusert vekst/liten vekst og utvikling kring nullvekst i resten av perioden. Nullvekst her vil seie at utviklinga i Ulstein er lik utviklinga i Noreg. Har vi under null går andel av gruppa ned i høve til landsgjennomsnittet. Dette vil medføre reduksjon i rammetilskotet.

Vi skal vere svært forsiktige i tolking av enkeltår og enkelttal i modellen. Til det er det for stor uvisse knytt til framskriving av folketal opp mot reell utvikling. Modellen er betre eigna til å sjå trendar og utvikling over tid. Modellen legg til grunn at standard, gjennomsnittskostnader, produktivitet og dekningsgrad er lik i perioden.



Modellen viser eit betydeleg auka brutto utgiftsbehov innan pleie og omsorg og ein auke innan barnehage. Kommunen brukar også ein større del av inntektene sine til renter og avdrag enn andre kommunar. Det er difor svært viktig at kommunen kjem i forkant med investeringar som kan redusere driftskostnader, betre kvaliteten og auke kapasiteten. Dersom vi skal bruke ny teknologi for å redusere kostnadene må vi ta ut dette med redusert bemanning.

## Kva er vektlagt i økonomiplanen for 2018 til 2021?

Det ligg budsjettmidlar knytt til pensjonskostnader jf. årsavslutninga for 2016 og tertialrapport for andre tertial 2017. Denne posten er i økonomiplanen budsjetttert ned med 6,725 mill. kr. Midlane er fordelt slik:

RÅDMANN	OPPVEKST	KULTUR	TEKNISK	OMSORG
1,248 mill. kr	1,175 mill. kr	0,5 mill. kr	0,502 mill. kr	3,3 mill. kr

Dette er tidlegare budsjetterte innsparingar. I beløpet for rådmann ligg også eit beløp på 1 mill. kr i gevinst på innovasjon og utvikling. Dette skulle fordelast ut på einingane. Desse gevinstane vert ikkje samla i ein sentral pott, men kjem på den enkelte eining som del av innsparingstiltak eller tilpassing til reduserte rammer.

Det er ein auke i kostnader knytt til SSIKT, men også ein reduksjon i og med at tilsette i IT-avdelinga er flytta til SSIKT frå 1.1. 2018. For Ulstein går kostnaden ned sidan vi flyttar over mange tilsette. Det ligg ein nødvendig auke i stillingar på administrasjon oppvekst og ein auke knytt til auka driftsrammer brann. Då vi gjekk inn i detaljane kring lønn vart denne auken større enn det vi tidlegare var klar over. Valdskoordinator er eit felles prosjekt med sju kommunar. Løyving til kommunal andel av KS si satsing på digitalisering er prioritert. Engasjement teknisk er ei flytting i høve til tidlegare økonomiplan. Korrigeringar knytt til husleige til UEKF er lagt inn. Det er lagt inn samla innsparing på sektorane med 2,2 mill. kr årleg i snitt. Kva tiltak som skal gjennomførast vert lagt fram i samband med detaljering av sektorbudsjett i første møte etter nyttår. Det er innarbeidd få nye tiltak, og vi må sjå desse nye innsparingane opp mot tabellen over.

På investeringsida er det lagt inn investeringar innanfor VAR-området. Det ligg betydelege midlar til digitalisering, velferdsteknologi, innovasjon og utvikling. Av dette ei investeringsramme på SSIKT på 40 mill. kr for sju kommunar over fire år. Prosjekta som skal utviklast her må vi kome attende til, men det er lagt som føresetnad for investeringa at den skal gi kostnadsreduksjon. Det ligg midlar til nettbrett i småskulen. Midlar til velferdsteknologi innanfor omsorg er midlar til investeringar som må gjennomførast i kommunen. Midlar til ny kostemaskin er også prioritert innanfor knappe rammer. Dette er heilt nødvendig for å oppretthalde standarden på investeringane som er gjort i sentrum.

Rådmannen legg til grunn for økonomiplanarbeidet at kommunen må redusere gjelda. I 2018 er det budsjetttert nedbetaling på 46,2 mill. kr for Ulstein kommune og UEKF. For 2018 og 2019 vil lånegjelda auke utover nedbetalingane, men investeringssummen for byggefelt på Skeide ligg inne med 46 mill. kr. I tillegg kjem 28 mill. kr til grunnkjøp innarbeidd tidlegare. Låneopptak til prosjektet er 32,2 mill. kr.

Av store investeringar utover byggefelt på Skeide er det lagt inn brannstasjon og utbygging på Ulsteinvik barneskule. Investeringa på Ulsteinvik barneskule er lagt inn med byggstart i 2019 og ferdigstilling i 2020. Rente og avdragskostnader for Ulstein Arena er rekna ut på grunnlag av investeringsramme før K-sak 17/39.

Nybygg Ulstein kyrkje har ei investeringsramme på 105 mill. kr, det er 91,5 mill. kr utover dei 10,5 mill. kr som er innarbeidd i budsjettet og dei 3 mill. kr ein kan rekne med i tilskot. Årskostnad i rente og avdrag er 4,1 mill. kr. Auka driftskostnader utover renter og avdrag er ikkje avklart. Rådmannen finn ikkje rom for å gjennomføre denne investeringa innanfor økonomiplanperioden.

Der er vist eit tiltak der Ulstein sokn dekker renter og avdrag knytt til kyrkja i sju år. Går vi inn på ei slik løysing vil ikkje kommunen sine budsjett få belastning med renter og avdrag. Løysinga krev ein kommunal garanti for låneopptak i Ulstein sokn eller eit kommunalt låneopptak og refusjon frå soknet. I begge tilfelle ligg risikoen på Ulstein kommune. Overtaking av lån etter sju år vil gi kommunen ein årskostnad på 3,4 mill. kr basert på føresetnadene som ligg i tiltaket. Spørsmålet om ny kyrkje kjem opp som eiga sak.

## Eigedomsskatt

I gjeldande økonomiplan ligg eigedomsskatt inne med 14 mill. kr årleg frå 2018 til 2020. I rådmannen sitt framlegg er den vidareført til 2021. Behov for innføring av eigedomsskatt må sjåast opp mot utvikling i renter og avdrag og inntektsutvikling i skatteinntekter.

VERNER LARSEN  
Rådmann

## Overordna utviklingsmål 2018-2021

Det er siste åra gjort endringar i økonomiplandokumentet slik at overordna planverk heng betre saman med prioriteringane i fireårsperioden. Vi har mellom anna nytta Kostra-analysar og KS sitt evalueringsverktøy “Kommunekompasset” for å identifisere område med størst forbettringspotensiale.

SAMFUNN	MÅL	INDIKATOR	SIST MÅLTE RESULTAT
Det attraktive Ulstein – vi skaper bulyst og skaparglede gjennom tilrettelegging	Årleg folkevekst på minimum 2,0%	Prosent	Siste 5 år: 1,6 % 2016: 0,5 %
	Eit variert og attraktivt kulturtilbod med minst 25 varierte kulturarrangement pr. år med om lag 15.000 besøkande	Tal på arrangement og besøkstal	20 / 13.000
	Utvikle eit triveleg, levande og attraktivt bysentrum med regionsenterfunksjonar	Handelsstatistikk, kr. pr. innbygger Omsetning pr. innbygger Tal arrangement i sentrum	2016:101 834 2015: 101 302 2012: 95 000
	Etablere Ulstein Arena som ein katalysator i sentrum med 30 000 besøkande i badeanlegget Minimum 4 arrangement med meir enn 400 besøkande Ei tredobling av antal besøkande i biblioteket	Betalande gjester Talet på arrangement Tal på besøkande	Opnar desember 2017
Vi gjer Ulstein til landets beste arbeidslivskommune	Bidra til etablering av ti arbeidsplassar i komplementære næringer årleg	Talet på næringsetableringar, (tal pr. 1000 innbyggerar) og rangering i NHO sitt årlege kommune-NM	2012: 7,3 2010: 7,4 Rangering: 19 /432 2017: Rangering 36
	Etablere forpliktande arena for samarbeid mellom kommune og næringsliv? Vidareutvikle etablerte arenaer for samarbeid skule/næringsliv	Årleg workshop med konkret oppfølging gjennom prosjekt	2015: 2 2013: 0 2016: 1
Vi utviklar det fleirkulturelle Ulstein i arbeidsliv, fritid og kulturliv	Eit tydeleg og målretta integreringsarbeid, tett kopl mot arbeidslivet, kulturlivet og frivillig sektor	Søke prosjektmidlar til etablering av integreringskontor – Utvikle minst eit konkret tiltak i 2018	2016: 2
	80 % av flyktningane har arbeid eller studerer innan fem år etter busetting	Tal på flyktningar i arbeid / studiar av totalt tal på flyktningar	2014: 53 % 2013: 21 % 2016:
Det er lett å etablere seg i Ulstein	Det skal vere god tilgang på tomter, fleirmannsbustader og leilegheiter i lavblokk	Tilrettelagt 10 daa for konsentrert utbygging i sentrum, og tomterreserve i alle krinsar	2014:30 daa Score: 4,3 av 6 Innbyggerundersøking i 2017
	Arealreserve til næringsetableringar skal vere på 30-50 daa ferdig regulert og klar til utbygging	Regulerte og kjøpte næringsareal	Saunesmarka: 50 daa
Vi legg til rette for brei deltaking og demokrati i kommunen	God valdeltaking, minst 70% ved val Tett innbyggardialog gjennom inntil 15 brukarundersøkingar årleg og innbyggerundersøking 2. kvart år	Valdeltaking i % av røysteføre Brukarundersøkingar, frekvens: Innbyggerundersøking, frekvens:	2017: 80,4 % 2015: 59 % 2011: 66 % 2007: 65 % 2015: 2014: 12 und. 2013: 4,6 av 6
Ulstein er ein miljøbevisst kommune	Redusere energibruken i kommunale bygg med 5 % årleg Fjernvarme levert til i snitt 1 nytt bygg årleg	Energibruk pr. m2 i kommunale bygg Talet på bygg m/tilkopl fjernvarme pr. år	Frå 2012 til 2013: ned 3 % 2014: 2 2015: 1

ØKONOMI	MÅL	INDIKATOR	SIST MÅLTE RESULTAT
God økonomisk styring	Positivt netto driftsresultat med minst 1,75 % margin	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2016: 1,6 % 2015: 2,7 % 2014: 1,8 % 2013: 5,7 % 2012: -1 %
	Auka fondsoppbygging, både til driftsbuffer og til egenkapital ved nye investeringar	Kapitalfond opp med 10 mill kr. i perioden Driftsfond opp til 50 mill kr. i perioden	Kapitalfond 2016 53,8 mill. kr Kapitalfond: 51,6 mill Driftsfond: 36,2 inkl oversk 2016 Driftsfond: 29,0 mill.
BRUKAR	MÅL	INDIKATOR	SIST MÅLTE RESULTAT
Vi har fornøgde brukarar og god ressursstyring	Brukarundersøkingar viser gjennomsnitt på minst 0,3 over landsgjennomsnittet	Indikator frå www.bedre.kommune.no Mål: 4,9 av 6.	2013: UK 4,5 av 6 2013: Noreg 4,1 av 6 2017: UK 4,7 av 6 2017: Noreg 4,6 av 6
	Vere på topp ti av norske kommunar under 10.000 innbyggjarar i Kommunekompasset	500 av 800 poeng	2017: 467 2015: 433 2013: 361
Ulstein kommune er ein ambisiøs og målretta skuleeigar	Skulen vår er prega av meistring og mangfald, med tett og forpliktande samarbeid mellom heim og skule	7. og 10. trinn. Elevar trivst godt eller svært godt: Skala 1-6, 6 er best Elevar vert sjeldan eller aldri mobba: Skala 1-3, 1 er best Fast frekvens på skulane sine rådsorgan: 6	6 er best 2013: 4,6 / 6,0 2013: 1,2 / 1,0 2016: 4,5 / 4,4 1,3 / 1,2 2017: 4,5 av 6 (landsgj.sn.: 4,5) Snitt: 4
	SFO-tilbodet skal tilby aktivtetar innan kultur og idrett i løpet av økonomiplanperioden?	Innan SFO skal samla gjennomsnittleg tilfredsheit på 4,5 av 6 frå www.bedrekommune.no	SFO 2013: For lav svarprosent 2017: 4,0
	Vi har kulturskuletilbod til alle søkjarar	Opptak i høve søknadstal	Kulturskuleopptak 2014: 419 av 419
I Ulstein tilbyr vi eit variert barnehagetilbod til alle	Alle som søker plass får tilbod året rundt. Ingen dispensasjonar på pedagogisk personale	Ledige plassar utanom hovudopptak ift. etterspørsel. Pedagogisk personale, ift. lovkrav	2013: Dispensasjonar: 0 2014: Ledig i alle barnehagar 2015: få ledige 2016: ingen disp i kommunal bhg, 6,8 i ulike periodar i private bhg. 2017: få ledige plassar
	Samla gjennomsnittleg tilfredsheit på 5,5 av 6	Score frå barnehagefakta.no	2016: 4,6 av 5 (kommunal barnehage)
Ulstein kommune jobbar helsefremjande og førebyggjande	Oppdage utfordringar tidleg og sette i verk virkningsfulle tiltak for alle aldersgrupper	Tal på verktøy for å avdekke behov	
ORGANISASJON OG UTVIKLING	MÅL	INDIKATOR	SIST MÅLTE RESULTAT
Vi har oppdatert planverk for overordna vegval	Samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen skal rullerast ein gong pr. kommunestyreperiode	Sjå planstrategi	Under arbeid: Arealdelen: 2013 Samfunnsdel: Vedteken 2017
Ulstein kommune nyttegjer seg av ny teknologi	Tenesteinnovasjon gjennom bruk av velferdsteknologi skal gi effektiviseringsgevinst på 2 % årleg i økonomiplanperioden	2 % av nettoramme i helse- og omsorgstenestene, p.t. ca 145 mill kr.	Ikkje målt
I Ulstein kommune trivst vi på jobben	Sjukefråværet skal i snitt vere under 5 % innan tre år	Sjukefråvær i prosent	2013: 8,6 2014: 8,2 2015: 8,2 2016: 6,99
	Oppnå 5 av 6 i score på medarbeidartilfredsheit Oppnå 5 av 6 i score på «Stoltheit over eigen arbeidsplass»	Score i medarbeidarundersøkinga	2014: 4,7 av 6 3. kvartal 2014: 5,0 av 6 Endra undersøking frå 2016





*Skulptur av Skule Waksvik ved Halsekervegen 20. Foto: Per Eide*



# *Etatsvise oversikter*

*Folkevalde*

Sentraladministrasjon

Helse og omsorg

Oppvekst og kultur

Teknisk



ORDFØRAR  
KNUT ERIK ENGH



VARAORDFØRAR  
STEINAR TORVIK

# Folkevalde

m/politisk sekretariat

▲  
Foto av ordfører:  
Cecilie Hatloy

Den politiske strukturen i Ulstein er basert på hovudutvalsmodellen. Kommunen har dei lovfesta organa kommunestyre (25 representantar), formannskap (7), kontrollutval (5) og fellestråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (8). I tillegg har kommunen to hovudutval: levekårsutvalet (9) og teknisk utval (7), pluss ungdomsråd (9) og ei rekke nemnder.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrke kommunikasjonen og innbyggardialogen gjennom betre tilrettelegging for kontakt og deltaking, blant anna med bruk av ny teknologi.
- ▶ Styrke den demokratiske styringa av kommunen.
- ▶ Gode rutinar for styring og kontroll av selskap der folkevalde er representert i styre, representantskap, årsmøte og generalforsamlingar.
- ▶ Forenkle og betre tilrettelegginga av saksdokument for folkevalde og innbyggjarar.
- ▶ Drive fram innovasjons- og utviklingsarbeid i kommunen. Formannskapet er innovasjons- og utviklingsutval.

Ulstein kommune har gode arenaer for samspel mellom folkevalde og administrasjonen. I politisk-administrativt leiarforum møtest formannskapet og rådmannens leiargruppe for å drøfte utviklinga av lokalsamfunnet. Leiarane i hovudutvala og kommunalsjefane har eigne møte for å gå gjennom sakene som skal til politisk behandling.

Formannskapet og hovudutvala har avgjerdsmynde innanfor budsjetttrammer og i medhald av delegeringsreglementet og har tilrådingsrett direkte til kommunestyret. Politisk sekretariat er støttefunksjon for dei folkevalde i samspel med sentraladministrasjonen. Kontrollutvalet er organisert med eige sekretariat saman med åtte andre kommunar. Den politiske strukturen og dei folkevalde sine arbeidsvilkår går fram av Politiske reglement for Ulstein kommune.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,5 mill. kr	0	0
BRUKAR	Vi legg til rette for brei deltaking og demokrati i kommunen	Del av politiske saker med kortversjon av saksframlegg på nett	0 %	50 %	100 %
		Del av kommunestyremøte som vert gjort tilgjengeleg på nett med lyd/bilete	8 av 9	100 %	100 %
		Tal på folkemøte pr. år	5	4	4
	Styrka politisk samarbeid og styring	Tal på møte i politisk leiarforum (ordfører, varaordfører og hovudutvalsleiarar)	1	2	2
		Tal på møte i ad hoc-gruppe for revidert delegasjonsreglement	4	0 (ferdig i 2016)	0
Samarbeid med næringslivet – ein forpliktande arena	Tal på besøk til sentrale verksemder i kommunen	22	10	5	
	Tal på «kreative forum» som er blitt utvikla saman med representantar frå nærings- og organisasjonsliv	2	2	2	
ORGANISASJON	Politisk-administrative samspel	Tal på politisk-administrative leiarforum	1	2	2
		Del av førebuingmøte mellom kommunalsjef og utvalsleiar av utvalsmøte totalt	85 %	100 %	100 %
		Tal på gjennomførte lunsjmøte med einingar/etatar (med ordfører, rådmann og utvalsleiarar)	20	10	20
	Vi ynskjer god eigarskapskontroll	Orientering i folkevalde organ frå selskap kommunen har eigarinteresser i	6	4	4
Eigarskapsmelding lagt fram for kommunestyret		-	1	1	
Fokus på innovasjon i kommunen	Møte/arrangement der innovasjon er på dagsordenen og formannskapet tek del	4	4	4	



## Økonomiske rammer

DRIFTSBUDSJETT						FOLKEVALDE
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sum utgifter	4 672 895	4 096 044	3 872 558	4 122 558	3 872 558	3 872 558
Sum inntekter	-353 943	-133 625	-176 625	-176 625	-176 625	-176 625
<b>FOLKEVALDE</b>	<b>4 318 951</b>	<b>3 962 419</b>	<b>3 695 933</b>	<b>3 945 933</b>	<b>3 695 933</b>	<b>3 695 933</b>



17. mai 2017. Foto: Erlend Notøy





RÅDMANN  
VERNER LARSEN



ASS. RÅDMANN  
ARNE RUNAR VIK

# Sentraladministrasjon

Sentraladministrasjonen består av rådmannen sine stabsfunksjonar:

Økonomi, Personal, IT og Kommunikasjon. Einingane er støttefunksjonar for kommunalsjefar og leiarane i kommunen, og har kontrollerfunksjon opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategiutvikling, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er også lagt til eininga. IT-avdelinga vert ein del av SSIKT frå 1.1.2018.

*\*Tal på medarbeidarar direkte underlagt rådmann og assisterande rådmann*

*\*\*Dette viser score for dei tilsette rådmannen og assisterande rådmann har direkte personalansvar for (mellomleiarar og administrasjon).*

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Strategisk fokus på kvalitetsutvikling og tenesteinnovasjon.
- ▶ Utvikle og drifte felles system for internkontroll, risikohandtering og awiksrapportering.
- ▶ Kompetanseheving på regelverk, rutinar og programvare innan våre fagområde.
- ▶ Vere gode på målstyring og omdømmebygging.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	12,0 mill. kr	0	0
BRUKAR	Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd	Total score frå kommunekompasset	Målast 2017	450	Ikkje unders.
		Kommunekompasset: score på resultatfokus og effektivitet	Målast 2017	55	Ikkje unders.
		Kommunekompasset: score på tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering	Målast 2017	45	Ikkje unders.
		Omfang elektronisk tilgjengelege skjema	Målast 2017	-	Auke til 100 %
ORGANISASJON	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Andel tilsette som har gjennomført medarbeidersamtale	8/8*	10/10	9/9
		Svarprosent medarbeidarundersøking Ulstein kommune	54 %	70 %	70 %
		Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,1 **	Faktor ≥ 4,0	Faktor ≥ 4,2
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 **	Faktor ≥ 4,3	Faktor ≥ 4,3
		Sjukefråvær	4,62 %	Nærvær ≥ 96 %	Nærvær ≥ 96 %
Vi har fokus på internkontroll		Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år	12 (3 overf. 2017)	4	15
		Nye overordna innovasjonsprosjekt	4	4	4
		Tal på gjennomførte etatsvise ROS-analysar	-	-	1
		Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månader	2	0	0



## Økonomiske rammer

DRIFTSBUDSJETT	SENTRALADMINISTRASJON, KYRKJE M.M.					
	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Sum utgifter	35 565 534	49 235 121	46 993 360	46 258 410	45 747 860	44 794 360
Sum inntekter	-5 510 514	-3 945 659	-3 712 359	-3 712 359	-3 712 359	-3 712 359
<b>SENTRALADM., KYRKJE M.M.</b>	<b>30 055 020</b>	<b>45 289 462</b>	<b>43 281 001</b>	<b>42 546 051</b>	<b>42 035 501</b>	<b>41 082 001</b>

AKTIVERTE TILTAK / FINANSIELLE TRANSAKSJONAR	SENTRALADMINISTRASJON			
	2018	2019	2020	2021
Overføring IT-ansatte til SSIKT/justering budsjett	-4 503 694	-4 503 694	-4 503 694	-4 503 694
Auka overføring til SSIKT	3 145 506	3 145 506	3 145 506	3 145 506
Korreksjon lønnsbudsjett servicetorget	540 000	540 000	540 000	540 000
Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt	170 000	-	-	-
Kommunal beredskap	50 000	50 000	50 000	50 000
Medlemsskap i Friluftsrådet	156 000	159 000	162 000	165 000
Leige parkeringsanlegg	-	1 087 500	1 298 000	1 146 000
Korreksjon husleige rådhuset	400 000	400 000	400 000	400 000
Indeksregulering husleige UEKF	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Reversering innsparingstiltak	1 248 000	1 248 000	1 248 000	1 248 000
Redusert kostnad pensjon	-6 725 000	-6 725 000	-6 725 000	-6 725 000
Fellesprosjekt digitalisering SSIKT, innsp.effekt	-	-80 450	-804 500	-1 609 000
Innsparing sentraladministrasjonen	-225 000	-250 000	-250 000	-250 000
Lønnsvekst soknet	60 000	60 000	60 000	60 000
Eigedomsskatt innkrevjing	500 000	-	-	-
<b>SUM SENTRALADMINISTRASJON</b>	<b>-3 984 188</b>	<b>-3 669 138</b>	<b>-4 179 688</b>	<b>-5 133 188</b>



# Helse- og omsorgsetaten

KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse og omsorg omfattar legetenesta, helsestasjon, NAV Ulstein, heimetenester, institusjon og dagsenter. Ansvaret og oppgåvene til kommunane har vorte endra som resultat av Samhandlingsreforma, og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggarane. Dette betyr også at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid.

*\*Dette viser score for dei tilsette kommunalsjefen har direkte personalansvar for (mellomleiarar og administrasjon).*

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrka brukarorientering, særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem.
- ▶ Styrke satsinga på innovasjon både når det gjeld organisering av tenestene og i tiltak spesielt retta mot psykisk utviklingshemma og brukarar med psykiske helseproblem og rusproblem.
- ▶ Styrke demensomsorga.
- ▶ Styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ Få ned tal på avvik på vald og truslar.
- ▶ Styrke avdelingsleiarane og soneleiarane sin kompetanse i leiing, heiltidskultur, demens og kvardagsmeistring.
- ▶ Styrke førebyggjande arbeid med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge.
- ▶ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene.
- ▶ Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengeleg for flest mogleg av brukarane.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
SAMFUNN	Tilrettelegging for utvalde brukargrupper	Fleire kulturarrangement på Alvehaugen og Halsekerdalen	40	10	10
		Auke av samla tal på deltakarar	Ikkje målt	300	300
	Tilrettelegging av bustader	Tilgang på bustader (nye) for yngre brukarar med rusproblem og/eller psykiske helseproblem	13	10	5
	Effektivisering gjennom ny teknologi	Auke i tal på tiltak der ny teknologi vert teke i bruk	4	6	10
ØKO.		Avvik mot budsjett	-8,0 mill. kr	0	0
BRUKAR	Vi legg til rette for brei deltaking og brukarmedverknad	Brukarutval er oppretta	1	4	4
		Tal på brukarar som har positiv effekt av kvardagsmeistring	5	10	50
	Integrering av brukarar med rusproblem og psykiske helseproblem	Auke i tal på brukarar som delte i arbeidsretta tiltak	-	10	20
	Førebyggjande helsearbeid	Tal på pågåande prosjekt med førebygging som målsetjing som viser positive resultat	3	5	5
	Tidleg oppdaging av demens	Prosent av personar over 80 år som har fått førebyggjande heimebesøk	50 %	100 %	100 %
		Tal på deltakarar på demenskurs for pårørande	0	10	-
		Tal på familiar som får oppfølging etter 1. heimebesøk	Ikkje målt	10	10
		Tal på tilsette som delte i relevant vidareutdanning	0	1	3
ORGANISASJON	Styrke kompetanseutvikling	Talet på kursdeltakarar innan helserett/vidareutdanning	5	3	0
		Færre søknadar om dispensasjon frå krav om høgskuleutdanning	Ikkje målt	0	0
	Betre arbeidsmiljø	Redusert sjukefråvær	9,00 %	10 %	9 %
		Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,0 *	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,1 *	4,3 el. meir	4,3 el. meir
Offensiv satsing på tenesteinnovasjon	Tildelte prosjektmidlar pr. år innan helse- og omsorgsetaten	4,7 mill. kr	5 mill. kr	5 mill. kr	





Medlemmer av bedriftsidrettslaget i klatreveggen på Osnes. Foto: Doris Høybakke

Fremst f.v.: Sindre Moltu Råsøen, Vegard Ertesvåg, Elisabeth Tandberg  
Rad to, f.v.: Gunn Hofset, Torill Botnen, Anita Sundnes, Hege Sandnes  
Ønst: Asbjørg Garshol

## Økonomiske rammer

DRIFTSBUDSJETT	HELSE- OG OMSORGETATEN					
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sum utgifter	224 945 809	207 437 908	217 078 702	216 827 702	216 710 702	216 659 702
Sum inntekter	-62 640 147	-50 172 667	-52 211 411	-52 211 411	-52 211 411	-52 211 411
<b>HELSE OG OMSORG</b>	<b>162 305 661</b>	<b>157 265 241</b>	<b>164 867 291</b>	<b>164 616 291</b>	<b>164 499 291</b>	<b>164 448 291</b>

AKTIVERTE TILTAK	HELSE- OG OMSORGETATEN			
	2018	2019	2020	2021
Ekstern organisasjonsgjennomgang av omsorg	200 000	-	-	-
Valdskoordinator 7-stjerna	66 000	66 000	-	-
Auke husleige USAS/reduksjon straum gamle USAS	900 000	900 000	900 000	900 000
Hovstøylvegen netto auke etter auka husleige	155 000	155 000	155 000	155 000
Reversering innsparingstiltak	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Innsparing omsorg av investeringar i velferdsteknologi	-51 000	-102 000	-153 000	-204 000
Innsparing 25% stilling helsestasjonen	-155 000	-155 000	-155 000	-155 000
Ny innsparing omsorg	-825 000	-825 000	-825 000	-825 000
<b>SUM HELSE OG OMSORG</b>	<b>3 590 000</b>	<b>3 339 000</b>	<b>3 222 000</b>	<b>3 171 000</b>



# Oppvekst- og kulturetaten

KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekstetaten femnar om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta og norsk for framandspråklege. Ulstein kommune eig og driv ein barnehage og fem grunnskular. Kommunen har i tillegg ansvar for tilsyn og rettleiing av åtte ikkje-offentlege barnehagar. Med verknad frå 01.08.2017 er Ulstein kommune vertskommune for interkommunalt PP-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein.

Kultur og Idrett vart oppretta som eige område frå august 2014. I denne avdelinga finn vi kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus og kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligsentralen. Eininga er også koordinator for Ungdomsrådet.

*\*Dette viser score for dei tilsette kommunalsjefen har direkte personalansvar for (mellomleiarar og administrasjon).*

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Sikre gode læringsmiljø som grunnlag for barn si faglege og personlege utvikling.
- ▶ I samarbeid med heimane skal skulane kontinuerleg arbeide for gode skulemiljø som fremmar trivsel, gode faglege resultat, meistring og mangfald, og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling.
- ▶ Sikre barnehageplass til alle som ynskjer det.
- ▶ Vidareføre eit forpliktande og nært samarbeid mellom skulane og arbeidslivet i kommunen, med sikte på auka kunnskap, kompetanse og rekruttering.
- ▶ Endring frå individretta til systemretta arbeid og fokus, og redusert timetal til spesialundervisning.
- ▶ Utvikle «Teknologiskulen» gjennom målretta kompetanseheving og bruk av teknologi som verkty i undervisninga.
- ▶ Kulturavdelinga skal utvikle og drive dei viktige anlegga ( Sjøborg kulturhus, Ulstein Arena og Ulsteinhallen ) for kultur og idrett i Ulstein, samt legge til rette for og samarbeide med kulturlivet i kommunen.
- ▶ Kulturavdelinga skal ha fokus på barn og unge, og legge til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer/aktivitetar i kommunen.

SATSINGSOMRÅDE		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKONOMI		Avvik mot budsjett	- 1,9 mill. kr	0	0
BRUKAR	Offentleg satsing på IT i skulen	Tal på gjennomførte tiltak nedfelt i kommunal IKT-plan for skulane i Ulstein	Fleire tiltak enn målsettinga, satsingsområde	5	Rullere planen, dei fleste tiltak gjennomført
	Vi er ein ambisiøs og målretta skuleeigar	Resultat på nasjonale prøver, 5. klasse eng/les/mat	50/50/50	Minimum 50	Minimum 50
		Resultat på nasjonale prøver, 8. klasse eng/les/mat	52/49/53	Minimum 50	Minimum 50
		Grunnskulepoeng	41,1 (landssnitt 41,2)	Minimum landsgjennomsnitt	Minimum landsgjennomsnitt
	Meistring og mangfald i skulen	Score frå elevundersøkinga: trivst i skulen (1 – 5, 5 er best)	4,5 4,4	4,8 begge trinn	4,8 begge trinn
		Score frå elevundersøkinga, mobbefri skule (1 – 5, 1 er best)	1,3 1,2	1,1 begge trinn	1,1 begge trinn
	Eit godt og variert barnehage-tilbod, med full dekning	Tal på dispensasjonar i høve pedagogisk personale	-	0	0
		Barnehagedekning i %	-	Min. 100 %	Min. 100 %
	Ein kulturrik kommune	Score frå innbyggjarundersøkinga, kulturspørsmål	-		
	Ein forenkla kvardag for våre brukarar	Andel skjema tilgjengelege på nett	100 %	100 %	100 %
Andel skjema som kan innsendast elektronisk		11/12	100 %	100 %	
ORGANISASJON	Offensiv søknad på spelemidlar	Tal på godkjende søknader pr. år	-		
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leingi i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	4,1 *	4,0 eller meir	4,0 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,1 *	4,3 eller meir	4,3 eller meir
		Sjukefråvær i %	6,19 %	5	5
Nyskaping	Tal på igangsette nyskapingstiltak	2 på alle skulane	Minimum 1 tiltak på alle einingane	Minimum 1 tiltak på alle einingane	



*Verdsmeister på Ulstein sitt MOT-lag  
Karsten Warholm har signert avtale om  
å vere MOT-ambassadør for Ulstein*

*Bak f.v. Sanne Kleven, Lina Dortebea Solheim  
Stave, Anette Lydersen, Johanne Skeide Rooney,  
Karsten Warholm, Celina Mork, Ole-Kristian  
Korsfjor Vokso, Mats Fredriksen og Malene Berg.  
Framme f.v. Guro Soleng, Sara Helen Ulstein, Jo-  
hanne Helvig, Idunn Regine Wik og Mona Våge.*

*Foto: Marie Flatin*

## Økonomiske rammer

DRIFTSBUDSJETT	OPPVEKST- OG KULTURETATEN					
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sum utgifter	292 440 842	274 664 325	311 538 358	304 838 358	304 838 358	304 838 358
Sum inntekter	-57 819 059	-39 115 984	-56 918 614	-56 918 614	-56 918 614	-56 918 614
<b>OPPVEKST OG KULTUR</b>	<b>234 621 783</b>	<b>235 548 341</b>	<b>254 619 744</b>	<b>247 919 744</b>	<b>247 919 744</b>	<b>247 919 744</b>

AKTIVERTE TILTAK	OPPVEKST- OG KULTURETATEN			
	2018	2019	2020	2021
Overført ansattressurs frå IT til Oppvekst	500 000	500 000	500 000	500 000
Konsulent/rådgjevar oppvekstkontoret, IKT og utviklingsarbeid	640 000	640 000	640 000	640 000
Auka overføringer til private barnehagar	2 400 000	2 400 000	2 400 000	2 400 000
Reversering innsparingstiltak oppvekst	1 175 000	1 175 000	1 175 000	1 175 000
Ny innsparing oppvekst	-825 000	-825 000	-825 000	-825 000
Nytt budsjett interkommunalt PPT	72 740	72 740	72 740	72 740
Korreksjon husleige kultur	140 000	140 000	140 000	140 000
Reversering innsparingstiltak kultur	500 000	500 000	500 000	500 000
<b>SUM OPPVEKST OG KULTUR</b>	<b>4 602 740</b>	<b>4 602 740</b>	<b>4 602 740</b>	<b>4 602 740</b>





# Teknisk etat

KOMMUNALSJEF ANITA SUNDNES

## Teknisk etat har ansvar for fagfelta:

- ▶ vatn, avløp, veg, hamn og utbygging innan desse områda
- ▶ byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, planlegging, sal av bustad- og industritomter og forvaltning av Husbankens låne- og tilskotsordningar
- ▶ brannvesen, feieteneste og generell kommunal beredskap

Etaten er organisert i tre avdelingar: plan- og bygningsavdeling, drifts- og anleggsavdeling og brann/feiging.

*\*Dette viser score for dei tilsette kommunalsjefen har direkte personalansvar for (mellomleiarar og administrasjon).*

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Levere tenester av god kvalitet og gi god service til innbyggerane, næringslivet, andre kommunale einingar og overordna mynde innanfor etaten sitt ansvarsområde. Inkludert i dette er å nytte digitale verkty optimalt.
- ▶ Arbeide for auke i busetnad og næringsutvikling gjennom tilrettelegging av areal og utbygging av infrastruktur.
- ▶ Det skal vere trygt å ferdast for alle trafikantar. Utbygging av gang- og sykkelveg har prioritet.
- ▶ Folkehelseperspektivet står sentralt i all planlegging. Fysisk tilrettelegging for uteaktivitet er viktig for bulyst og friluftsliv.
- ▶ Kommunen skal sikre god og trygg vassforsyning til alle, og handtere avløpsvatn i samsvar med alle relevante krav.
- ▶ Ha god beredskap mot uønska hendingar.
- ▶ Kompetanse – halde fokus på kompetanseutvikling i eigen organisasjon.
- ▶ Planverket skal haldast oppdatert.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKONOMI	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	- 1,5 mill. kr	0	0
	Betre prosjektstyring	Økonomiske overskridingar ift. totalramme for vatn og avløp	Ingen	Ingen	Ingen
		Tal på utbyggingsprosjekt (veg, bustadfelt m.m) med overskriding	0 %	0 %	0 %
BRUKAR	Tilrettelegging for bustadbygging	Tal på krinsar med byggeklare tomter	4 av 7	7 av 7	7 av 7
		Regulert og byggeklart areal tilgjengeleg for konsentrert utbygging i Ulsteinvik/Skeide	20,9 daa	15 daa	20 daa
	Tilgjengeleg næringsareal	Regulert næringsareal klart for utbygging	47 daa	40 daa	40 daa
	Folkehelseiltak	Totalt tal på km turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk pr. år	7,2 km	2 km	2 km
		Gjennomføre årlege ryddeaksjonar og medverke til strandryddedag (skular, grendalag og grunneigarar)	Gjennomført	Gjennomføre	Gjennomføre
	Du får gode tenester ved teknisk etat	Brukarundersøkinga: snittscore på VA	4,8	-	5,0
		Brukarundersøkinga: snittscore på byggesak	5,0	-	5,0
	God og profesjonell forvaltning	Tal på omgjorde vedtak frå fylkesmannen ift. totale klagesaker	0 av 3	0	0
		Tal på registrerte og lukka avvik i Risk Manager	3/3	0	0
	Ulstein er ein miljøbevisst kommune	Tal på etablerte ladestasjonar for el-bilar i sentrum i økonomiplanperioden	0	4	10
ORGANISASJON	Ta i bruk ny teknologi i tenestene	Elektronisk ekspedering av byggesaker (etter § 20-3 i Pbl.)	75 %	100 %	-
		Utvikle informative kartdata for bruk i forvaltninga basert på analyser og koblingar av eksisterande kart- og tabelldata, t.d matrikkel og folkeregister	-	5	5
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,9 *	4,0 eller meir	4,0 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,9 *	4,3 eller meir	4,3 eller meir
		Tal på gjennomførte medarbeidersamtalar	-	100 %	100 %



## Økonomiske rammer

DRIFTSBUDSJETT	TEKNISK ETAT					
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sum utgifter	65 020 511	51 404 812	55 738 442	55 919 442	55 004 442	55 004 442
Sum inntekter	-37 625 910	-36 437 933	-38 935 304	-38 935 304	-38 935 304	-38 935 304
<b>TEKNISK ETAT</b>	<b>27 394 601</b>	<b>14 966 879</b>	<b>16 803 138</b>	<b>16 984 138</b>	<b>16 069 138</b>	<b>16 069 138</b>

AKTIVERTE TILTAK	TEKNISK ETAT			
	2018	2019	2020	2021
Auka driftsramme brann	2 140 000	2 140 000	2 140 000	2 140 000
Engasjement teknisk	190 000	915 000	-	-
Interkommunal kystsoneplan	144 000	-	-	-
Reversering innsparingstiltak	502 000	502 000	502 000	502 000
<b>SUM TEKNISK ETAT</b>	<b>2 976 000</b>	<b>3 557 000</b>	<b>2 642 000</b>	<b>2 642 000</b>



Skeide. Foto: Per Eide

# Økonomiske oversikter

Skjema 1A Driftsbudsjettet

Skjema 1B Driftsbudsjettet Fordelt på etatar

Rammetilskot

Berekning av utgiftsbehov

Skjema 2A Investeringsbudsjettet

Skjema 2B Investeringsbudsjettet

## Økonomiske indikatorer frå 2016 for kommunane i Møre og Romsdal på konsernnivå

	I kroner per innbyggjar						I prosent av brutto driftsinntekter				
	Frie inntekter	Brutto driftsresultat	Netto driftsresultat	Netto lånegjeld	Netto finans og avdrag	Disposisjonsfond	Brutto driftsresultat	Netto driftsresultat	Netto lånegjeld	Netto finans og avdrag	Disposisjonsfond
Molde	48 059	4 312	3 717	108 939	4 981	2 056	5,3	4,6	133,6	6,1	2,5
Ålesund	47 867	2 388	1 614	77 808	4 478	620	3,1	2,1	102,5	5,9	0,8
Kristiansund	49 777	3 486	2 715	74 701	4 537	31	4,3	3,4	93,2	5,7	0,0
Vanylven	61 938	4 123	4 873	64 072	3 336	-3 604	4,3	5,1	66,6	3,5	3,7
Sande	63 030	523	1 521	83 133	3 568	41	0,5	1,6	86,5	3,7	0,0
Herøy	52 599	3 643	4 982	83 634	2 725	2 052	4,6	6,3	105,6	3,4	2,6
Ulstein	51 765	3 555	1 639	151 403	7 021	4 197	4,6	2,1	194,0	9,0	5,4
Hareid	51 934	3 765	3 430	64 469	3 217	788	4,9	4,4	80,6	4,2	1,0
Volda	51 289	2 232	2 446	91 767	3 465	7 307	2,4	2,7	99,7	3,8	7,9
Ørsta	52 217	1 149	1 891	63 655	2 317	5 566	1,5	2,5	82,7	3,0	7,2
Ørskog	59 012	610	278	89 802	5 101	905	0,7	0,3	96,5	5,5	1,0
Norrdal	69 954	1 145	825	161 313	8 283	510	1,0	0,7	136,8	7,0	0,4
Stranda	57 677	8 411	5 819	136 215	7 292	1 316	9,9	6,8	159,6	8,5	1,5
Stordal	76 193	-4 878	-3 903	127 407	5 495	9 501	-4,2	-3,3	109,0	4,7	8,1
Sykkylven	51 909	3 425	4 053	57 750	2 025	699	5,0	5,9	84,3	3,0	1,0
Skodje	53 053	3 145	2 726	68 603	3 627	7 110	4,1	3,5	88,7	4,7	9,2
Sula	54 048	2 328	2 413	79 629	3 438	9 256	3,2	3,3	110,4	4,8	12,8
Giske	51 794	2 645	712	112 746	6 213	336	3,6	1,0	155,4	8,6	0,5
Haram	51 413	742	215	88 812	3 639	1 178	1,1	0,3	126,1	5,2	1,7
Vestnes	49 835	-361	473	51 754	2 501	275	-0,4	0,5	55,3	2,7	0,3
Rauma	55 305	2 289	2 772	70 927	1 983	568	2,8	3,4	86,4	2,4	0,7
Nesset	58 478	1 255	1 672	94 104	3 736	2 635	1,3	1,7	95,2	3,8	2,7
Midsund	64 566	2 849	1 887	75 143	4 222	4 196	3,0	2,0	78,6	4,4	4,4
Sandøy	73 114	-1 309	1 527	103 446	2 609	22 030	-1,3	1,5	99,2	2,5	21,1
Aukra	55 980	37 752	41 016	99 031	6 681	103 276	24,6	26,8	64,6	4,4	67,4
Fræna	53 176	4 193	3 997	62 678	3 123	4 351	5,1	4,9	76,7	3,8	5,3
Eide	58 091	49	-1 154	82 116	3 552	7 576	-1,1	-1,4	97,1	4,2	9,0
Averøy	52 510	2 950	1 181	83 959	4 984	2 479	4,0	1,6	113,0	6,7	3,3
Gjemnes	61 208	4 795	5 200	57 745	3 331	5 203	5,4	5,9	65,2	3,8	5,9
Tingvoll	60 991	2 704	412	98 081	7 313	3 880	2,8	0,4	100,4	7,5	4,0
Sunnadal	56 027	3 449	3 440	67 530	3 830	16 019	3,0	3,0	58,1	3,3	13,8
Surnadal	55 546	96	479	57 878	3 309	7 748	0,1	0,5	64,3	3,7	8,6
Rindal	63 212	3 488	5 280	75 861	3 946	8 267	3,3	5,0	72,3	3,8	7,9
Halsa	67 441	7 478	7 324	83 919	5 038	11 894	7,0	6,8	78,0	4,7	11,1
Smøla	62 319	2 697	3 356	92 197	4 855	6 438	2,4	3,0	82,3	4,3	5,7
Aure	65 674	8 262	2 871	67 410	5 360	15 945	7,8	2,7	63,7	5,1	15,1
Møre og Romsdal	52 632	3 317	2 942	83 968	4 205	4 611	4,0	3,5	100,5	5,0	5,5
Landet utanom Oslo	52 158	2 965	3 319	67 036	3 241	6 712	3,7	4,1	83,1	4,0	8,3



# Skjema 1A

## Driftsbudsjettet

SKJEMA 1A	DRIFTSBUDSJETTET					
	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>						
Skatt på inntekt og formue	-245 408 289	-247 076 000	-255 591 500	-257 318 000	-257 318 000	-257 318 000
Ordinært rammetilskot	-192 365 150	-200 971 000	-207 192 000	-206 798 000	-206 798 000	-206 798 000
Skatt på eiendom		-	-14 000 000	-14 000 000	-14 000 000	-14 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	-29 873	-27 000	-27 000	-27 000	-27 000	-27 000
Andre generelle statstilskot	-33 797 624	-25 742 435	-29 202 435	-29 202 435	-29 202 435	-29 202 435
Sum frie disponible inntekter	-471 600 936	-473 816 435	-506 012 935	-507 345 435	-507 345 435	-507 345 435
<b>FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER</b>						
Renteinntekter og utbytte	-4 182 143	-4 857 000	-5 097 000	-5 337 000	-5 337 000	-5 337 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	11 160 071	11 810 123	12 644 278	14 990 395	15 976 596	16 962 797
Avdrag på lån	17 809 810	20 007 772	20 399 108	22 246 353	23 242 893	24 239 433
Netto finansinntekter/-utgifter	24 787 738	26 960 895	27 946 386	31 899 748	33 882 489	35 865 230
<b>AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER</b>						
Til dekning av tidligere års rekneskapsmessige merforbruk						
Til ubundne avsetninger	12 487 116	-	3 381 701	8 015 789	7 825 598	6 847 357
Til bundne avsetninger	3 472 303	725 658	2 024 849	2 024 849	2 024 849	2 024 849
Bruk av tidligere års rekneskapsmessige mindreforbruk	-8 487 116					
Bruk av ubundne avsetninger	-956 175	-463 270	-	-	-	-
Bruk av bundne avsetninger	-	-779 212	-793 439	-793 439	-793 439	-793 439
Netto avsetninger	6 516 128	-516 824	4 613 111	9 247 199	9 057 008	8 078 767
<b>FORDELING</b>						
Overført til investeringsrekneskapet	362 000					
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>-439 935 070</b>	<b>-447 372 364</b>	<b>-473 453 438</b>	<b>-466 198 488</b>	<b>-464 405 938</b>	<b>-463 401 438</b>
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	436 712 869	447 372 364	473 453 438	466 198 488	464 405 938	463 401 438
<b>MERFORBRUK/MINDREFORBRUK = 0</b>	<b>-3 222 201</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Skjema 1B

## Driftsbudsjettet fordelt på etatar

SKJEMA 1B	DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR					
	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Sum utgifter	4 672 895	4 096 044	3 872 558	4 122 558	3 872 558	3 872 558
Sum inntekter	-353 943	-133 625	-176 625	-176 625	-176 625	-176 625
<b>FOLKEVALDE</b>	<b>4 318 951</b>	<b>3 962 419</b>	<b>3 695 933</b>	<b>3 945 933</b>	<b>3 695 933</b>	<b>3 695 933</b>
Sum utgifter	35 565 534	49 235 121	46 993 360	46 258 410	45 747 860	44 794 360
Sum inntekter	-5 510 514	-3 945 659	-3 712 359	-3 712 359	-3 712 359	-3 712 359
<b>SENTRALADM., KYRKJE M.M.</b>	<b>30 055 020</b>	<b>45 289 462</b>	<b>43 281 001</b>	<b>42 546 051</b>	<b>42 035 501</b>	<b>41 082 001</b>
Sum utgifter	292 440 842	274 664 325	311 538 358	304 838 358	304 838 358	304 838 358
Sum inntekter	-57 819 059	-39 115 984	-56 918 614	-56 918 614	-56 918 614	-56 918 614
<b>OPPVEKST OG KULTUR</b>	<b>234 621 783</b>	<b>235 548 341</b>	<b>254 619 744</b>	<b>247 919 744</b>	<b>247 919 744</b>	<b>247 919 744</b>
Sum utgifter	65 020 511	51 404 812	55 738 442	55 919 442	55 004 442	55 004 442
Sum inntekter	-37 625 910	-36 437 933	-38 935 304	-38 935 304	-38 935 304	-38 935 304
<b>TEKNISK ETAT</b>	<b>27 394 601</b>	<b>14 966 879</b>	<b>16 803 138</b>	<b>16 984 138</b>	<b>16 069 138</b>	<b>16 069 138</b>
Sum utgifter	224 945 809	207 437 908	217 078 702	216 827 702	216 710 702	216 659 702
Sum inntekter	-62 640 147	-50 172 667	-52 211 411	-52 211 411	-52 211 411	-52 211 411
<b>HELSE OG OMSORG</b>	<b>162 305 661</b>	<b>157 265 241</b>	<b>164 867 291</b>	<b>164 616 291</b>	<b>164 499 291</b>	<b>164 448 291</b>
Sum utgifter	-2 151 129	-3 726 063	-3 226 063	-3 226 063	-3 226 063	-3 226 063
Sum inntekter	-19 832 019	-5 933 916	-6 587 606	-6 587 606	-6 587 606	-6 587 606
<b>FIN. TRANSAKSJONAR</b>	<b>-21 983 148</b>	<b>-9 659 979</b>	<b>-9 813 669</b>	<b>-9 813 669</b>	<b>-9 813 669</b>	<b>-9 813 669</b>
<b>SUM FORDELT TIL DRIFT</b>	<b>436 712 869</b>	<b>447 372 364</b>	<b>473 453 439</b>	<b>466 198 489</b>	<b>464 405 939</b>	<b>463 401 439</b>

# Rammetilskot

## *Frie inntekter, finanspostar m.m.*

Inndeling av kommentarane her er i samsvar med taldelen i budsjettet. Budsjettet er utarbeidd i faste prisar. Der ligg ingen korreksjon for prisauke eller lønnsauke på utgiftssida utover at lønnsvekst for 2017 er lagt inn med heilårsverknad for 2018. Det er ikkje lagt inn kompensasjon for prisstigning på inntektssida.

## *Rammetilskot og skatt*

Grunnlaget for utrekning av rammetilskot er folketalet pr. 1. juli 2017. Grunnlaget for prognose på skatt i KS-modellen er folketalet pr. 1. juli 2017. For budsjettåret 2018 vil det vere folketalet pr. 1. januar 2018 som gjeld for utrekning av gjennomsnittlig skatteinntekt pr. innbyggjar og dermed også for minsteinntektskompensasjonen.

Talgrunnlaget i KS sin prognosemodell er basert på historisk utvikling over fleire år og reflekterer dermed ikkje på ein god måte den lave utviklinga vi har hatt i 2016 og 2017. I arbeidet med økonomiplan for 2018 til 2021 har vi lagt utviklinga i skatt i 2016 og 2017 til grunn. I 2016 var skatteinngangen 101,2 % av landsgjennomsnittet. For 2016 var skatteinntektene fram til tredje kvartal høgre, men reduksjonen kom når endeleg skatteavrekning for 2015 var klar i november 2016. Med lav aktivitet i næringslivet kan vi frykte slik utvikling for 2017 også. Rådmannen har i sitt framlegg til økonomiplan lagt til grunn ein auke i skatteinntektene til 102,8 prosent av landsgjennomsnittet i 2018 og vidare til 104,5 % av landsgjennomsnittet i 2019. Dette er ein svært moderat auke, vi reknar med ein høgre vekst i personskattegrunnlaget, men er meir usikker på utviklinga i skattegrunnlaget for formuesskatt.

I regjeringa sitt anslag på skatteinntekter er det brukt 253,023 mill. kr. Dei tek ikkje omsyn til utviklinga av skatteinntekter over tid slik KS-modellen gjer, men legg siste års inntekt til grunn.

I høve til talgrunnlaget for økonomiplanen 2017 – 2020 er det ein auke på skatt og rammetilskot på 18 mill. i 2018 og 19,3 mill. for 2019.

For rammetilskotet er det lagt inn ein auke på 9,458 mill. kr i høve til framskrivinga i gjeldande økonomiplan. I gjeldande økonomiplan var rammetilskotet for 2018 redusert med 3,2 mill. kr knytt til veksttilskotet.

Rammetilskotet er lagt med likt beløp alle åra i økonomiplanperioden. Dette gjer at kompensasjon for trekk for kommunen for det å vere ufrivillig liten ligg inne alle år med 2,132 mill. kr. I KS-modellen ligg dette inne berre for 2018. Med ei mindretalsregjering er dei endelege rammene for rammetilskotet ikkje avklart før budsjettvedtaket er gjort i Stortinget.

## *Innbyggartilskot*

Tilskot pr. innbyggjar i 2018 er 23 726 kr før omfordeling (utgiftsutjamning). Innbyggartalet som er lagt til grunn er 8 496 pr. 1.7. 2017. Meir informasjon under denne lenka: <https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2018/more-og-romsdal/ulstein/>. Merk at i rammetilskotet som er oppgitt på denne sida er kompensasjonen for at kommunen er ufrivillig liten ikkje teke med.

## *Utgiftsutjamning (justering ut frå kor kostnadskrevjande drift av kommunen er)*

Denne delen av rammetilskotet vert rekna ut frå variablar som går på alderssamansetning, nokre sosiale kriteria, talet på psykisk utviklingshemma, reisetid til sentrum m.m. Ulstein kommune sin andel i det enkelte kriteriet vert vektta opp mot landsgjennomsnittet. Ligg vi over snittet får vi tillegg, ligg vi under gjennomsnittet får vi trekk. I 2018 ligg kostnadsindeksen på 1,00262, for 2017 låg den på 0,99867. Det som dreg opp for Ulstein i 2017 er aldersgruppene frå 2 til 22 år og spesielt aldersgruppa 6-15 år., samt kriteriet Innvandrar 6-15 år og kriteriet PU over 16 år. På dei andre kriteria ligg vi under snittet og samla sett ligg vi litt under gjennomsnittet med omsyn til kostnadsnøkkel.

# Berekning av utgiftsbehov

BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV - TILLEGG/TREKK I KRONER FOR ÅR 2018 (UTGIFTSUTJAMNANDE TILSKOT)							
	HEILE LANDET		ULSTEIN			BRUK AV FOLKETALL 1.7.2017	
	Vekt	Tal på	Tal på	Utgifts- behovsindeks	Pst. utslag	Tillegg/fradrag i utgiftsutj	
						kr. pr. innb.	1000 kr
0-1 år	0,0054	118 267	184	0,9665	-0,02 %	-9	-77
2-5 år	0,1414	246 598	397	1,0001	0,00 %	1	6
6-15 år	0,2646	634 798	1 192	1,1665	4,41 %	2 210	18 776
16-22 år	0,0225	465 492	803	1,0716	0,16 %	81	687
23-66 år	0,1033	3 035 065	4 801	0,9827	-0,18 %	-90	-763
67-79 år	0,0551	555 836	811	0,9064	-0,52 %	-259	-2 198
80-89 år	0,0758	177 201	244	0,8554	-1,10 %	-550	-4 672
over 90 år	0,0382	44 561	64	0,8922	-0,41 %	-207	-1 755
Basistillegg	0,0189	325	0,5690	1,0874	0,17 %	83	704
Sone	0,0101	20 473 409	22 658	0,6875	-0,32 %	-158	-1 345
Nabo	0,0101	9 385 627	14 118	0,9344	-0,07 %	-33	-282
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0009	0,5858	-0,09 %	-44	-371
Innvandrere 6-15 år ekskl. Skandinavia	0,0071	49 464	106	1,3312	0,24 %	118	1 002
Norskfødte med innv. foreld. 6-15 år ekskl. Skand.							
Flyktninger utan integreringstilskot	0,0084	147 902	159	0,6678	-0,28 %	-140	-1 189
Dødelegheit	0,0451	41 160	59	0,8905	-0,49 %	-248	-2 106
Barn 0-15 med einslege forsørgarar	0,0164	122 673	170	0,8609	-0,23 %	-114	-972
Lavinntekt	0,0103	260 937	344	0,8190	-0,19 %	-94	-795
Uføre 18-49 år	0,0065	94 623	115	0,7550	-0,16 %	-80	-679
Opphopningsindeks	0,0096	224	0	0,9994	0,00 %	-0	-2
Urbanitetskriterium							
Aleinebuande 30-66 år	0,0194	449 127	558	0,7718	-0,44 %	-222	-1 887
PU over 16 år	0,0483	19 487	39	1,2433	1,17 %	589	5 008
Ikkje-gifte 67 år og over	0,0451	342 622	438	0,7941	-0,93 %	-466	-3 957
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0173	40 654	54	0,8226	-0,31 %	-154	-1 308
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0190	1 321 033	1 941	0,9127	-0,17 %	-83	-707
<b>1 KOSTNADSINDEKS</b>	<b>1,0000</b>			<b>1,00262</b>	<b>0,26 %</b>	<b>131</b>	<b>1 116</b>

## (TILLEGG/TREKK KR PR INNB.)

Alle tal i 1000 kr

2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr

**1 116**

3 Nto.virkn. statl/priv. skoler

500

4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)

**1 616**

Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov i kr pr innbyggjar:

50 167



# Berekening av utgiftsbehov

## Veksttilskot

Veksttilskotet vert gitt til kommunar som har ekstraordinær høg vekst over ein treårsperiode. I 2018 får Ulstein kommune 0,394 mill. kr som veksttilskot gjennom rammetilskotet. Dei siste åra har gitt lav folkevekst. Det er naturleg med dei utfordringane vi har hatt i næringslivet.

## Skatt

I kommuneøkonomiproposisjonen signaliserer regjeringa at dei vil arbeide for at ein større del av skatteinntektene skal tilbake til kommunen der dei er skapt. Modellen skulle leggest fram i kommuneøkonomiproposisjonen for 2018 som kom i mai 2017. Endringa er planlagt iverksett frå 2018. I kommuneproposisjonen for 2018 er det sagt «Regjeringen fremmer derfor ikke forslag om å innføre tilbakeføring av selskapskatten for 2018, men kommer tilbake til saken på et senere tidspunkt».

Om utrekning av skatteanslaget for 2018, sjå under skatt og rammetilskot på side 24.

I vedteken økonomiplan for 2017 til 2020 ligg det inne eigedomsskatt med 14 mill. kr årleg frå 2018. Dette er teke inn i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan og vidareført i 2021.

## Inntektsutjamning

Det skjer ei inntektsutjamning gjennom rammetilskotet der kommunar som ligg under landsgjennomsnittet i skatt pr. innbyggjar vert kompensert opp mot landsgjennomsnittet.

Kommunar med inntekt over landsgjennomsnittet vert trekt 60 % av meirinntekta. I tillegg får alle kommunane eit trekk for å restfinansiere ordninga.

## Avkastning og aksjeutbytte


Det er lagt inn ei forventa avkastning på plassering av langsiktig og kortsiktig likviditet på 3 mill. kr. Kortsiktig likviditet vert plassert i bank hjå hovudbanken Danske bank og langsiktig midlar er til forvaltning hos Sydvestor. Utbytte frå Tussa Kraft AS er budsjettert med 1,1 mill. kr.

I økonomiplanen er leigekostnad for infrastruktur på fjernvarme frå Ulstein fjernvarme AS lagt inn med 0,6 mill. kr pr. år frå 2018. I samsvar med avtalen med Ulstein fjernvarme AS er der ei opptrapping av betalt andel av leigekostnaden i takt med den økonomiske utviklinga i selskapet.

## Lånegjeld, renter og avdragsutgifter

	ULSTEIN		KOSTRAGRUPPE 11		MØRE OG ROMSDAL		LANDET UTANOM OSLO	
	2013	2016	2013	2016	2013	2016	2013	2016
<b>AVDRAG</b>	3,2	5,4	3,2	3,3	3,5	3,7	3,2	3,4
<b>FINANS</b>	2,5	3,6	0,6	0,9	1,1	1,4	0,4	0,6


Ulstein kommune si lånegjeld ved utgangen av andre tertial 2017 er på kr 574,5 mill. kr. Samla lånegjeld for konsernet (inkludert UEKF) er 1 534 mill. kr. Målt opp mot talet på innbyggjarar



eller målt opp mot kommunen si inntekt er dette svært høgt. Sjå meir omtale om dette, jf. lenke på sidene 26 og 27. Tabellen under viser utviklinga i netto avdrag og netto finans målt i prosent av brutto driftsinntekter.

I økonomiplanperioden er det budsjettert med låneopptak på kr 226,6 mill. kr. Av dette er 48 mill. kr lån til vidare utlån.

For 2016 var samla rente og avdragskostnad for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF 65,5 mill. kr. Frå 2012 til 2016 har renter og avdrag auka med over 50 % frå 5,7 % av brutto driftsinntekter til 9 %. I same tidsrom har brutto driftsinntekter auka med 10 % frå 591,5 mill. kr til 660. mill. kr.



## Renter

Vekta gjennomsnittrente for Ulstein kommune er på 1,45 %. Kommunen har langsiktig rentesikring (utover eitt år) på 40,5 % av gjelda pr. september 2017. Vekta bindingstid er 3,04 år. For Ulstein eigedomsselskap KF er vekta gjennomsnittrente 1,84 %, 62,5 % av låna har bindingstid utover eitt år og vekta bindingstid er 3,66 år.

## Avdrag

Ulstein kommune betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Minsteavdraget vert rekna ut etter prosentvis avskrivning i høve til bokført verdi og ganga opp med netto lånegjeld. Minsteavdraget for 2018 er budsjettert med 20,2 mill. kr før nye vedtak om investeringar i denne økonomiplanprosessen.

Avdrag for UEKF vert budsjettert i selskapet sine budsjett. For UEKF vil minsteavdraget i økonomiplanperioden vere 26 mill. kr.

Minsteavdrag i 2018 er rekna ut frå balanseverdier pr. 1.1 2018. Det er difor eit visst etterslep før investeringar slår ut med full verknad i minsteavdraget.

## Eksposering gjeld og renterisiko

I fylkesmannen si oversikt om utviklinga i kommuneøkonomien 2016 ligg Ulstein kommune på topp i Møre og Romsdal og i landet når vi måler lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. På den oversikta ligg kommunen med 194 %. Gjennomsnitt i Møre og Romsdal er 100,5 og gjennomsnitt for landet er 83,1.

Ei slik høg eksponering krev tiltak med omsyn til rentesikring. Det vart gjennomført ei omfattande rentesikring i eigedomsselskapet og kommunen for nokre år sidan. Det er no behov for ein ny gjennomgang og behov for å diskutere nivå og tidshorisont. Rentesikring vil auke rentekostnaden, men avgrense kostnaden ved ei rentestigning. Rådmannen vil be styret i UEKF og formannskapet ta dette opp spesielt i arbeidet med økonomiplanen. Høg gjeld gir og utfordringar med at ein stor del av driftsinntektene går til renter og avdrag. Dette stiller høgre krav til kostnadseffektiv drift i kommunen. Ulstein kommune og UEKF har også ein svært stor del av gjelda si i sertifikatmarknaden, dette aukar risiko knytt til refinansiering og er eit moment som må vurderast saman med gjeldseksponering og renterisiko.

I tillegg til å vurdere rentesikring må kommunen snu gjeldsutviklinga og starte på nedbetaling av gjeld. Dette vert svært utfordrande fordi utvikling i ny teknologi krev investeringar og fordi vekst i befolkninga også vil presse investeringsbudsjettet.

Utvikling i kommuneøkonomi 2016:

[www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneokonomi/Utviklinga-i-kommuneokonomien-2016/](http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommuneokonomi/Utviklinga-i-kommuneokonomien-2016/)

# Berekning av utgiftsbehov

## *Prisvekst og lønnsvekst*

Det er ikkje tilført midlar til kompensasjon for prisauke i økonomiplanen. Det ligg dermed ein reell reduksjon i driftsrammene for den enkelte eining på dette området i den grad dei ikkje kan kompensere for prisauken med auka inntekt. For lønnsauke er det gitt kompensasjon for heilårsverknaden av lønnsauke frå 2017 inn i 2018-budsjettet.

## *Pensjon*

Pensjonskostnad for 2018 er budsjettert til 32 mill. kr. I tillegg er det sett av 5,3 mill. kr til kostnadsføring (amortisering) av tidlegare premieavvik. Premieavviket er skilnaden mellom beløpet kommunen må betale til KLP/SPK og den pensjonskostnaden kommunen skal registrere i rekneskapen. Premieavviket er dermed betalt, slik at det belastar likviditeten, men ikkje ført som kostnad i kommunerekneskapen.

Ved utgangen av 2016 var det samla premieavviket 26,5 mill. kr. I 2017 vil det bli ein kostnadsføring (amortisering) av tidlegare års i premieavviket med om lag 3,7 mill. kr.

## *Tilleggsføring*

Avsetning til tilleggsføring er 850 000 kr for 2016. Det er formannskapet som disponerer denne posten. I tillegg er det sett av 500 000 kr for tildeling til lag og organisasjonar etter søknad. Vedtak om fordeling er lagt til levekårsutvalet.

## *Driftsfond og kapitalfond*

Kapitalfondet er på 52,3 mill. kr ved starten av 2017. Det er budsjettert med bruk av 26 mill. kr frå kapitalfondet til investeringar økonomiplanperioden. Den største investeringa er forskotering av 22,7 mill. kr over to år til grunnkjøp og utbygging på Skeide. I prosjektet er det og budsjettert med tilbakeføring av 10 mill. kr i salsinntekt dei to siste åra i økonomiplanperioden.

Driftsfondet er den 1.1. 2017 på 36,168 mill. kr. inkludert avsetning av overskot for 2016. I økonomiplanperioden er det budsjettert med avsetning på 26 mill. kr. Avsetninga må vi sjå opp mot premieavviket på pensjon som ved utgangen av 2016 var på kr 26,5 mill. kr. Med den høge gjelda Ulstein kommune har bør kommunen bygge opp eit større driftsfond enn andre kommunar. I framlegget til økonomiplan er det berre lagt inn minsteavdrag. Kommunen bør vurderer å auke gjeldsavdraget, men må sjå dette opp mot det å ha midlar tilgjengeleg som driftsreserve eller til investering. Det må også vurderast om kommunen skal sette tak på kor stor del av investeringar som kan finansierast med låneopptak.

## *Likviditet*

I takt med reduserte investeringar vil unytta lånemidlar i kommunen som konsern verte redusert. Det betyr at likviditeten vert stramma inn. Det er budsjettert med auka avsetningar til fond i perioden, men det er også budsjettert med auka bruk av midlar frå kapitalfondet til utbygging på Skeide. Det er behov for å følgje utvikinga i likviditet tett, og det kan føre til at vi endrar finansiering for feltet i økonomiplanperioden.

# Skjema 2A

## Investeringsbudsjettet

SKJEMA 2A		INVESTERINGSBUDSJETTET				
	Rekneskap	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2016	2017	2018	2019	2020	2021
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>						
Investeringar i anleggsmidlar	53 446 545	41 723 473	84 668 311	74 394 900	46 930 800	46 930 800
Utlån og forskotering	17 269 089	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000
Avdrag på lån	4 258 759					
Avsetningar	13 503 465			5 000 000	5 000 000	
Årets finansieringsbehov	88 477 858	53 723 473	96 668 311	91 394 900	63 930 800	58 930 800
<b>FINANSIERING</b>						
Bruk av lånemidlar	-35 995 440	-22 304 178	-59 860 161	-66 869 900	-49 930 800	-49 930 800
Inntekt fra sal av anleggsmidlar	-13 780 163		-1 150 000	-10 000 000	-5 000 000	-
Tilskot til investeringar	-1 431 490	-2 000 000	-150 000	-	-	-
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-25 992 723	-7 419 295	-12 858 150	-14 525 000	-9 000 000	-9 000 000
Andre inntekter	-89 500					
Sum ekstern finansiering	-77 289 316	-31 723 473	-74 018 311	-91 394 900	-63 930 800	-58 930 800
Overført frå driftsrekneskapen	-362 000					
Bruk av avsetningar	-10 826 542	-22 000 000	-22 650 000		-	-
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>-88 477 858</b>	<b>-53 723 473</b>	<b>-96 668 311</b>	<b>-91 394 900</b>	<b>-63 930 800</b>	<b>-58 930 800</b>
<b>IKKJE DEKT/UDISPONERT = 0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



# Skjema 2B

## Investeringsbudsjettet

SKJEMA 2B (1/2)	INVESTERINGSBUDSJETTET			
TILTAK	2018	2019	2020	2021
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	375 000	0	0	0
Bruk av lån	-375 000	0	0	0
<b>FJERNVARME, INVESTERING I INFRASTRUKTUR</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	1 000 000	0	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	250 000	0	0	0
Momskomp. investering	-250 000	0	0	0
Bruk av lån	-1 000 000	0	0	0
<b>KAI OG UTEOMRÅDE PÅ GEILENESET</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Verkty og utstyr	563 000	0	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	140 750	0	0	0
Momskomp. investering	-140 750	0	0	0
Bruk av lån	-563 000	0	0	0
<b>FORNYING AV TEKNISK UTSTYR PÅ OSNES KYRKJEGÅRD</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	2 800 000	8 000 000	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	700 000	0	0	0
Momskomp. investering	-700 000	-2 000 000	0	0
Bruk av lån	-2 800 000	-8 000 000	0	0
<b>NY KYRKJE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
EDB-utstyr	804 500	1 769 900	1 930 800	1 930 800
Bruk av lån	-804 500	-1 769 900	-1 930 800	-1 930 800
<b>FELLESPROSJEKT DIGITALISERING SSIKT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
EDB-utstyr	69 600	0	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	17 400	0	0	0
Momskomp. investering	-17 400	0	0	0
Bruk av lån	-69 600	0	0	0
<b>SSIKT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
EDB-utstyr	1 748 061	0	0	0
Bruk av lån	-1 748 061	0	0	0
<b>SSIKT - INVESTERINGSBUDSJETT 2018</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
EDB-utstyr	150 000	150 000	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	37 500	37 500	0	0
Momskomp. investering	-37 500	-37 500	0	0
Bruk av lån	-150 000	-150 000	0	0
<b>UTBYGGING AV NETTVERK</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	0	0	35 000 000	35 000 000
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	0	8 750 000	8 750 000
Momskomp. investering	0	0	-8 750 000	-8 750 000
Bruk av lån	0	0	-35 000 000	-35 000 000
<b>UTBYGGING ULSTEINVIK BARNESKULE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	300 000	0	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	75 000	0	0	0
Momskomp. investering	-75 000	0	0	0
Refusjon fra andre (private)	-150 000	0	0	0
Overføring fra fylket	-150 000	0	0	0
<b>TURVEG BREIFJELLET - ÅRDALEN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
EDB-utstyr	850 000	0	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	212 500	0	0	0
Momskomp. investering	-212 500	0	0	0
Bruk av lån	-850 000	0	0	0
<b>NETTBRETT 1. - 3.KLASSE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	100 000	100 000	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	25 000	25 000	0	0
Momskomp. investering	-25 000	-25 000	0	0
Bruk av lån	-100 000	-100 000	0	0
<b>OPPGRADERING AV LEIKEOMRÅDE SKULAR</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Verkty og utstyr	350 000	0	0	0
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	87 500	0	0	0
Momskomp. investering	-87 500	0	0	0
Bruk av lån	-350 000	0	0	0
<b>GYM-UTSTYR ULSTEIN ARENA</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	11 700 000	0	0	0
Bruk av lån	-11 700 000	0	0	0
<b>INVESTERING VASSFORSYNING</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	6 500 000	0	0	0
Bruk av lån	-6 500 000	0	0	0
<b>INVESTERING AVLØP</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

SKJEMA 2B (2/2)		INVESTERINGSBUDSJETTET			
TILTAK	2018	2019	2020	2021	
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	400 000	0	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	100 000	0	0	0	
Momskomp. investering	-100 000	0	0	0	
Bruk av lån	-400 000	0	0	0	
<b>KRYSS VIKEMYRA (RESTFINANSIERING)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Verktøy og utstyr	1 600 000	0	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	400 000	0	0	0	
Momskomp. investering	-400 000	0	0	0	
Bruk av lån	-1 600 000	0	0	0	
<b>NY KOSTEMASKIN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	16 500 000	16 500 000	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	4 125 000	4 125 000	0	0	
Momskomp. investering	-4 125 000	-4 125 000	0	0	
Bruk av lån	-16 500 000	-16 500 000	0	0	
<b>BRANNSTASJON</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Konsulenttjenester	0	150 000	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	0	37 500	0	0	
Momskomp. investering	0	-37 500	0	0	
Bruk av lån	0	-150 000	0	0	
<b>FLYKARTLEGGING 2019</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	150 000	0	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	37 500	0	0	0	
Momskomp. investering	-37 500	0	0	0	
Bruk av lån	-150 000	0	0	0	
<b>LADEPUNKT EL-BIL</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	1 000 000	0	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	250 000	0	0	0	
Momskomp. investering	-250 000	0	0	0	
Bruk av lån	-1 000 000	0	0	0	
<b>SANITÆRBYGG OSNESSANDEN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	13 800 000	32 200 000	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	3 450 000	8 050 000	0	0	
Tomtesal	-1 150 000	-5 000 000	0	0	
Momskomp. investering	-3 450 000	-8 050 000	0	0	
Bruk av lån	0	-27 200 000	0	0	
Bruk av ubundne investeringsfond	-12 650 000	0	0	0	
<b>SKEIDE - VEG OG TEKNISKE ANLEGG FOR BUSTADOMRÅDE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	10 000 000	0	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	2 500 000	0	0	0	
Avsetjingar til ubundne investeringsfond	0	5 000 000	5 000 000	0	
Tomtesal	0	-5 000 000	-5 000 000	0	
Momskomp. investering	-2 500 000	0	0	0	
Bruk av ubundne investeringsfond	-10 000 000	0	0	0	
<b>TILRETTELEGGING FOR TOMTEUTBYGGING SKEIDE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
EDB-utstyr	200 000	0	0	0	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	50 000	0	0	0	
Momskomp. investering	-50 000	0	0	0	
Bruk av lån	-200 000	0	0	0	
<b>VELFERDSTEKNOLOGI</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
EDB-utstyr	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Meirverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	250 000	250 000	250 000	250 000	
Momskomp. investering	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	
Bruk av lån	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	
<b>VELFERDSTEKNOLOGI 2018/19/20/21</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	
Utlån	12 000 000	12 000 000	12 000 000	12 000 000	
Bruk av lån	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	
<b>STARTLÅN</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

# *Bytrappa*

*Skisse av det planlagde bygget på bensinstasjonstomta*







# *Avdelingsvise oversikter*

*Tenesteoversikt, utviklingsmål, nøkkeltal, aktiverte tiltak*

Sentraladministrasjon

Økonomiavdelinga

Personalavdelinga

Kommunikasjonsavdelinga

Helse og omsorg

Omsorg - Sone 1

Omsorg - Sone 2

Omsorg - Sone 3

Omsorg - Sone 4

Legetenesta

Helsestasjonstenesta

NAV

Oppvekst og kultur

Oppvekst

Haddal skule

Hasund skule

Ulstein skule

Ulsteinvik barneskule

Ulstein ungdomsskule

PPT

Ulstein kompetansesenter

Sundgotmarka barnehage

Kulturavdelinga

Ulstein bibliotek

Ulstein kulturskule

Teknisk

Ulstein brannvesen

Anlegg og drift

Plan- og bygningsavdelinga

Vatn og avløp

Veg og hamn

## RÅDMANN, ASS. RÅDMANN, KOMMUNALSJEFAR



**Rådmann**  
Verner Larsen



**Ass. rådmann**  
Arne Runar Vik



**Helse- og omsorgsetat**  
*Kommunalsjef – Marit Botnen*



**Oppvekst- og kulturetat**  
*Kommunalsjef – Gry Nordal*



**Teknisk etat**  
*Kommunalsjef – Anita Sundnes*

## STAB



**Økonomiavdeling**  
*Leiar – Steinar Nummedal*



**Kommunikasjonsavdeling**  
*Leiar – Asbjørg Garshol*



**Personalavdeling**  
*Leiar – Kari Riise*



**Politisk sekretariat**  
Svein Arne Orvik

## HELSE- OG OMSORGSETAT



**Sone 1 heimetenester**  
*Leiar*  
Heidi Strand



**Sone 2 heimetenester**  
*Leiar*  
Gunn Hofset



**Sone 3 institusjon/heimetenester**  
*Leiar*  
Gunn Sætre



**Sone 4 institusjon**  
*Leiar*  
Gunn Helen Hauge Muren



**Helsestasjon**  
*Leiar*  
Kristin Meli



**NAV**  
*Leiar*  
Anders Hammer

## OPPVEKST- OG KULTURETAT



**Ulstein kompetansesenter**  
*Leiar*  
Lars Ove Moldskred



**PPT**  
*Leiar*  
Ingrid Evebø Haug



**Sundgotmarka barnehage**  
*Leiar*  
Nora Wingsternes



**Kulturavdeling**  
*Leiar*  
Leif Ringstad



**Inkludering og mangfold**  
*Leiar*  
Lars Erling Bjåstad Hovlid




**Ulsteinvik barneskule**  
*Leiar*  
Vegard Gurskevik




**Ulstein skule**  
*Leiar*  
Karen Strand



**Haddal skule**  
*Leiar*  
Vibeke Vigestad Berge



**Hasund skule**  
*Leiar*  
Marianne Ulstein Johnston



**Ulstein ungdomsskule**  
*Leiar*  
Leon Romestrand



**Ulstein kulturskule**  
*Leiar*  
Astrid Dagestad

## TEKNISK ETAT



**Anlegg og drift, veg og hamn, vatn og avløp**  
*Leiar*  
Odd Kåre Wiik



**Brann og feiing**  
*Leiar*  
Arne Runar Vik



**Plan- og bygningsavdeling**  
*Leiar*  
Anita Sundnes



# Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap, økonomistyring, fakturamottak og skatteinnkrevjing. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I tillegg har vi ansvar for rekneskap og budsjettoppfølging for Ulstein Eigedomsselskap og Ulstein sokn.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støttetjeneste til alle einingar i kommunen i form av rådgjeving innan rekneskap, innkjøp og kostnadskontroll.
- ▶ Vi skal vere imøtekomne og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester.
- ▶ Økonomiavdelinga skal syte for ei god finans- og økonomiforvaltning.
- ▶ I samarbeid med leiarane i organisasjonen, skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,1 mill. kr	0	0
BRUKAR	Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd	Gjennomsnittsscore på undersøking om interne tenester	5,2	5,0	5,0
		Andel inngåande faktura som kjem i EHF-format	46,1 %	60 %	65 %
		Tal på fellesopplæring i Agresso web	2	3	3
		Tal på økonomirapporteringar via Agresso web	5	9	9
ORGANISASJON	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	4,0 eller meir	4,0 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	4,3 eller meir	4,3 eller meir
		Sjukefråvær i %	4,62 % (sentraladm.)	4 %	4 %



Ulstein Arena 30. august 2017. Foto: Per Eide



# Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Tilsette i personalavdelinga skal vere fagleg oppdatert og gi god og trygg leiarstøtte i saker som gjeld personalhandtering og lønns.
- ▶ Sikre gode tenester i kommunen gjennom rekruttering av kompetente medarbeidarar, vedlikehald og utvikling av kompetanse samt bidra til eit godt arbeidsmiljø.
- ▶ I samband med interkommunalt samarbeid og verksemdoverdraging, vil personalavdelinga ha ei sentral rolle i organisering og formalisering av desse.
- ▶ I samarbeid med verneombod og tillitsvalde, skal personalavdelinga sikre god og rett samhandling mellom arbeidsgivar og arbeidstakarane i heile organisasjonen.
- ▶ Personalavdelinga skal sikre god internkontroll innan våre fagområde både i eiga avdeling og i resten av organisasjonen. Vi skal utvikle og drifte kommunen sitt system for internkontroll og avvikshandtering.
- ▶ Gjennom fokus på ein god og synleg arbeidsgivarpolitikk skal Ulstein kommune vere ein attraktiv arbeidsplass for motiverte medarbeidarar.

Personalavdelinga har fagansvar for personalarbeid og lønns. Som stabseining har vi ansvar for oppfølging innan internkontroll, avviksrapportering, sjukefråvær og HMS. I tillegg utøver vi personalforvaltning for Ulstein Eigedomsselskap KF og lønnsarbeid for Ulstein sokn. Personalavdelinga har ei sentral rolle i leiaropplæring og organisasjonsutvikling.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr.	0	0
BRUKAR	Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd	Gjennomsnittsscore på undersøkinga om interne tenester for avdelinga	5,3	5,5	5,6
		Kommunekompasset: score på leiarskap, ansvar og delegasjon	Ikkje målt	58	60
		Kommunekompasset: score på kommunen som arbeidsgivar	Ikkje målt	54	57
ORGANISASJON	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Kor mange tilsette som har gjennomført medarbeidersamtale	5/5	5/5	5/5
		Initiere og gjennomføre velferdstiltak for heile organisasjonen	3	2	2
		Gjennomføre velferdstiltak i avdelinga	2	2	2
		Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	4,3 el. meir	4,3 el. meir
		Sjukefråvær	4,62 % (sentralsadm)	2,0 %	2,0 %
	Vi har fokus på internkontroll	Revidere/oppdatere personalreglement	3	3	3
		Opplæringstiltak i rapportering og behandling av avvik og skade	2	2	2
		Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månader ved utgangen av året	0	0	0



# Kommunikasjonsavdelinga

LEIAR: ASBJØRG GARSHOL

Kommunikasjonsavdelinga omfattar einingane Servicetorg, Postmottak, Dokumentsenter og Turistinformatjon. Avdelinga har også ei sentral rolle i samband med beredskap/kriseleiing. Førehandsrøystinga ved kommunestyreval og stortingsval føregår i Servicetorget.

Servicetorget/sentralbordet har ope måndag - fredag frå kl. 8 - 16.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Sikre god informasjon og tilgjengelegheit, enten det er via nettside/facebookside, telefon eller i direkte møte med publikum. Servicetorget skal bidra til at Ulstein kommune vert opplevd som ei profesjonell, effektiv og serviceorientert verksemd.
- ▶ Bidra til god innbyggardialog - jf. deltaking i prosjekt i regi av regionrådet.
- ▶ Gjennomføre jamne brukarundersøkingar for dei ulike tenesteområda i kommunen, samt innbyggerundersøking annakvart år, jf. plan.
- ▶ Planane om kommunesamanslåing/ny kommune inneber avslutning av alle våre arkiv (emne-, elev-, barnehage-, personal-, pasient-, klientarkiv osv.) før overgang til ny organisasjon. Dette er eit omfattande arbeid, og ei prioritert oppgåve dei neste par åra.
- ▶ Sikring av gammalt papirarkiv for ettertida er under arbeid. Arkivmaterialet er omfattande og vert oversendt IKA (Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal) fortløpande. Målet er å få rydda, systematisert og oversendt dette materialet i løpet av to år.
- ▶ Kompetanseheving. Den elektroniske og digitale kvardagen med døgnopen forvaltning inneber nye arbeidsprosessar og ny kunnskap, herunder gode rutinar for å sikre internkontroll og personvern.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,2 mill. kr	0	0
BRUKAR	Vi er tilgjengelege	Svarprosent – anrop inn til sentralbord	91 %	95 %	95 %
		Gjennomsnittleg svartid	19 sek.	12 sek.	12 sek.
	Vi er serviceinnstilte	Score på forbrukerrådets kommunetest: servicegrad	100 %	100 %	100 %
		Score på innbyggerundersøkinga: tilfredsheit med kommunen sitt servicetorg	Ikkje målt	6 av 6	Ikkje innbyggerundersøking i 2018
Vi er attraktive og informative	Tal på unike besøk på nettsida www.ulstein.kommune.no pr. vekedag	Ikkje målt	600	700	
	Score på innbyggerundersøkinga: tilfredsheit med kommunen sine nettsider	Ikkje målt	5 av 6	5 av 6	
ORGANISASJON	Brukarinvolvering	Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år	12	4	15
	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	4,0 eller meir	4,0 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	4,3 eller meir	4,3 eller meir
	Kommunikasjonsstrategi	Rullering av Kommunikasjonsstrategisk plan	-	-	Rullering
	Internkontroll	Andel tilsette som har fått elektronisk adgangskort/identitetskort	100 %	100 %	100 %
		Rullering av arkivplanen	-	Rullering	Rullering
	Kompetanseheving	Tal deltakarar på introkurs i saksbehandlingssystemet (ePhorte) av totalt tal på nyttilsette som skal nytte ePhorte	100 %	100 %	100 %
Tal på deltakarar på kurs med fokus på personvern og lovverk knytt til den elektroniske/digitale kvardagen		Sjå etatsvise oversikter	100 %	100 %	
Alle saksbehandlarar får innføring i oppgradert ePhorte i samband med overgang til elektronisk post (SvarUt) hausten 2016		100 %	100 %	100 %	





*Skulptur av Kirsten Kokkin, montert på vegg ved rådmannskontoret.  
Eigar: Ulstein kunstlag. Foto: Svein Arne Orvik*

ULSTEIN KUNSTLAG



# Omsorg

## SONE 1

LEIAR: HEIDI STRAND

Sone 1 sine hovudoppgåver er tenester til heimebuande med heimesjukepleie og heimehjelp, avdeling for psykisk helse og rus, to bustader for utviklingshemma, ergoterapi/ hjelpemiddelformidling og koordinerande eining.

**Heimesjukepleie:** Døgkontinuerleg drift og 5-6 personale på dag og 2 på kveld. I helgar har dei 4 personale på dag og 2 på kveld.

**Heimehjelp teneste:** 3-4 personale på dag, fem dagar per veke.

**Tenesta for psykisk helse og rus:** Har eit team med 6 fast tilsette. Har siste tre år hatt 2 prosjektstillingar i samband med opptrappingsplanen innan rus og psykisk helse (2016-2020).

**Koordinerande eining:** 2 årsverk.

**Ergoterapi/ hjelpemiddelformidling:** 2 årsverk.

Brukarstyrt personleg assistanse og omsorgslønn vert administrert frå denne eininga.

**Totale stillingsheimlar:**

35 årsverk (inkl. prosjektstillingar).

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrka brukarorientering, særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem.
- ▶ Styrke satsinga på innovasjon når det gjeld organisering av tenestene og i tiltak spesielt retta mot psykisk utviklingshemma og brukarar med psykiske helseproblem og rusproblem.
- ▶ Styrke demensomsorga.
- ▶ Styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ Få ned tal på avvik på vald og truslar.
- ▶ Styrke avdelingsleiarane og soneleiarane sin kompetanse i leining, heiltidskultur, demens og kvardagsmeistring.
- ▶ Styrke førebyggjande arbeid med særleg fokus på tidleg innsats for barn og unge.
- ▶ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integreert del av tenestene.
- ▶ Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengeleg for flest mogleg av brukarane.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr	0	0
BRUKAR	Demens vert oppdaga tidlegast mogleg	Tal på heimebesøk til innbyggjarar over 80 år	Alle som søkte tenester	Alle som søkte tenester	Alle over 80 år
	Brukarar skal få bu lengst mogleg i eigen heim. Kvardagsrehabilitering	Andel brukarar som får helsehjelp i eigen bustad	185	200	200
		Tal på brukarar som får helsehjelp i eigen bustad	5	10	50
ORGANISASJON	Kompetanseutvikling	Tal på tilsette som tek vidareutdanning	3	3	1
		Demensomsorgens ABC – tal på deltakarar	-	-	8
	Vi nyttiggjer oss IKT-systema på ein god måte	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Gerica innan ein måned etter tilsetjing	90 %	10 av 10	10 av 10
		Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Risk Manager innan ein måned etter tilsetjing	95 %	10 av 10	10 av 10
	Vi er gode på tverrfagleg samarbeid	Tal på avvik når det gjeld samhandling	-	0	0
	Prosjektmidlar	Tal på eksterne tilskotstildelingar	5	3	3
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leining i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,9 (samla for heimetenestene)	4,0 eller meir	4,0 eller meir
Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år		4,2 (samla for heimetenestene)	4,3 eller meir	4,3 eller meir	
Sjukefråvær, sone 1		7,54 %	7,0 %	7,0 %	



# Omsorg SONE 2

LEIAR: GUNN HOFSET

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Vidareutvikle innovasjonsprosjektet Halsekerdalen ved å samkøyre avdelingane Halsekerdalen 22 og 24 med fokus på arbeidstrening og meningsfylte aktivitetar for brukarane og ved å få dei tilsette til å arbeide mot felles mål for brukarane.
- ▶ Fokus på å forhindre utagerande adferd, vald og truslar på arbeidsplassen.
- ▶ Ivareta og vidareutvikle godt arbeidsmiljø og arbeidsglede.
- ▶ Levere tenester som imøtekjem brukarane sine behov.
- ▶ Alle tilsette skal ta i bruk det nyinnkjøpte digitale opplæringssystemet til «Norsk Helse Informatikk» som stettar krav til fagleg oppdatering i høve lovverk, medisiner og førstehjelp.

### Sona består av:

- ▶ Halsekerdalen 24 / USAS (Ulstein sanse- og aktivitetssenter): Dagsenter for 15 menneske med utviklingshemming. Innhald er dagaktivitetar, sansestimulering, arbeidstrening. 9 stillingsheimlar.
- ▶ Halsekerdalen 22: omsorgsbustader for 8 menneske med utviklingshemming, omsorgsbustader for 5 yngre fysisk funksjonshemma. 22 stillingsheimlar.
- ▶ Avdeling Avlastning for 4-6 barn/ unge. 3-4 stillingsheimlar.
- ▶ Halsekerdalen 20: 24 omsorgsbustader og ved Ulshaugen busenter 20 omsorgsbustader; totalt 44 omsorgsbustader. Drift av Bygdastova. 12 stillingsheimlar.
- ▶ Hovstøylvegen 25; 2 omsorgsbustader. 10,5 stillingsheimlar.

### Personalressurs:

56,5 stillingsheimlar fordelt på 85 tilsette

SATSINGSOMRÅDE		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-2,7 mill. kr	0	0
	BRUKAR	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og forsvarleg	Score frå brukarundersøking: heilheitsvurdering av tenestene	5,1	5
		Opprette Brukarråd i omsorgsbustader for eldre, 4 møte pr. år	1	100 %	100 %
		Tett samarbeid med hovudtillitsvalgte og verneombod, 9 møte pr. år	100 %	100 %	100 %
		Repr. frå organisasjonar og brukarar er med i planlegging av nybygg	100 %	100 %	Ingen nybygg
ORGANISASJON	Fagkompetanse	Auke andel tilsette med fagutdanning, aktiv rekruttering	70 %	85 %	90 %
	Vi nyttiggjer oss IKT systema på ein god måte	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Gerica, GRS Min arbeidsplan og Risk Manager innan ein måned etter tilsetjing	95 %	100 %	100 %
	Samordne nye personalgrupper og skape eit godt miljø	Score frå medarbeiderundersøkinga: heilheitsvurdering	5	-	5
		Ta i aktiv bruk nyinnkjøpt digitalt verktøy som stettar krav til opplæring i lovverk, medisiner og førstehjelp	30 tilsette 20 tilsette	100 %	100 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Nedgang i tal på avvik når det gjeld utagerande åtferd/vald/truslar	-	nedgang	nedgang
		Faktoren Meistringsorientert leingi i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,9 (samla for heimetenestene)	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for heimetenestene)	4,3 el. meir	4,3 el. meir
Sjukefråvær		12,41 %	8 %	8 %	



# Omsorg SONE 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

**HI-fløya** er to bufellesskap på Alvehaugen med til saman 21 omsorgsbustader. HI-fløya sine pasientar er personar med døgntkontinuerleg omsorgsbehov. To av bebuarane er ressurskrevjande med 1:1 bemanning dag og kveld.

**G-fløya** er korttidsavdelinga på sjukeheimen som tek imot pasientar frå heim og sjukehus til rehabilitering, behandling eller avlastning. Avdelinga har 18 plassar, derav eit rom avsett til øyeblikkeleg hjelp-opphald.

**Dagsentertilbodet** for eldre på Alvehaugen og Bygdastova (Ulshaug) gir sosial aktivisering og trening til heimebuande samt aktivitetstilbod til dei som bur på Alvehaugen. Dagsenteret på Alvehaugen er ope fem dagar i veka og på Bygdastova to dagar i veka.

**Ambulerande** serviceteneste har ansvar for formidling og reparasjon av hjelpemiddel, middagsombering, køyre brukarar til og frå alle dagtilbod samt service- og sjåførteneste for helse- og omsorgsetaten.

**Kommunal Fysioterapiteneste** har fast 0,8 stilling til pasientar på sjukeheimen og pasientar som har rett til fysioterapi i egen heim.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Avdeling G (korttidsavdeling) skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fastsett frist. Auke tal på rom brukt til korttids plassar.
- ▶ Vektlegge brukarmedverknad og god dialog med brukar og pårørande. Alle brukarar skal ha tildelt primærkontakt.
- ▶ Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ Behov for kompetanseauke med faglærte i alle stillingar, spesielt ynskje om styrka sjukepleiardekning og andre høgskuleutdanna. Aktiv fagutvikling med bruk av E- læringskurs for alle tilsette.
- ▶ Vidareutvikle Dagsenter for eldre med vekt på trivsel og tilbod til demente.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,3 mill. kr	0	0
BRUKAR	Fagkompetanse	Andel faglærte i faste stillingar	90 %	95 %	95 %
		Auke andel sjukepleiarar/høgskuleutdanna	Auke med 50 % stilling sjukepleiar	Auke sjukepleiedekninga med 50 % stilling	Auke sjukepleiardekninga med 50 %
	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt	Score frå brukarundersøkinga: heilheitsvurdering av tenestene	5,3 (sjukeheim) 2 (dagsenter)	5 av 6 2 av 2	5 av 6 2 av 2
		Tildelt primærkontaktar til brukarane på sjukeheim/omsorgsbustad	100 %	100 %	100 %
	Vere ein pålitelig aktør i samhandlingskjeda	Tal på bøter knytt til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som treng korttidsopphald på sjukeheimen.	0 (av 60 som kom frå sjukehus til sjukeheim)	0	0
ORGANISASJON	Vi er gode på IT-systema vi brukar	Tal på nytilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Gerica innan ein måned etter tilsetjing	95 %	100 %	100 %
	E- læringskurs	Tal på tilsette med løyve til å dele ut medisinar som har tatt nytt legemiddelhandteringskurs / oppdateringskurs	-	-	100 %
	Internkontroll	Tal på ny tilsette som har gjennomført opplæring i Risk Manager innan ein måned etter tilsetjing	95 %	100 %	Alle nytilsette deltek på første opplæring. Fast opplæring x 2 i året
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,8 (samla for institusjon)	4,0 eller meir	4,0 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for institusjon)	4,3 eller meir	4,3 eller meir
Sjukefråvær i %		9,77 %	9 %	9 %	



# Omsorg

## SONE 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrke og vidareutvikle demensomsorga.
- ▶ Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær.
- ▶ Fagutvikling ved bruk av E-læringskurs.
- ▶ Vektlegge brukarmedverknad og god dialog med pasientar og pårørande.

### Sone 4 omfattar:

**Avdeling E:** Åtte plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt .

**Avdeling F:** 16 plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt og somatisk sjukdom. Forsterka skjerming for inntil tre bebuarar

**Nattevaktsteam:** Team med fem personar kvar natt, med base på Alvehaugen og i Holvekerdalen 22.

**Vaskeriet:** Vask av alt personaltøy, institusjonstøy, privatstøy til bebuarar på institusjon, og andre som har vaskeriteneste.

**Storkjøkken:** Leverer ca. 160 middagar kvar dag, mat til alle avdelingar, driftar kantine, cateringverksemd

**Vikarbanken:** Administrering.

SATSINGS-OMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018	
ØKO.	Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr	0	0	
	BRUKAR	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt	Score frå brukarundersøking på brukaren si vurdering av tenestene	5,3	5
Innkomstsamtale innan 1 månad etter innkomst i avdeling		-	-	100 %	
Tilbod om pårørandesamtale x 2 pr. år		-	-	100 %	
Opprette brukarråd for Alvehaugen 4 møter pr. år		-	-	100 %	
Redusere talet på tilsette som arbeider ufrivillig deltid		0	Nytt	30 %	
Tal på inngåande søknadar med sakshandsamingstid ut over tidsfristen		0	0	0	
BETRE LIVSKVALITET FOR MENNESKE MED DEMENS SJUKDOM/ KOGNITIV SVIKT	Tal på personar med demens/kognitiv svikt som nyttar seg av dagplasstilbod	8	10	10	
	Registrerte avvik/småskade på utagerande åtførd pr. år	12/29	15	20	
	Gjennomføre pårørandeskule med demensforeininga annakvart år	Nei, 2017	Ja	Nei, gjennomført i 2017	
ORGANISASJON	Vi er gode på IT-systema vi brukar	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Geric, Min Arbeidsplan og Kvalitets- og styringssystemet innan ein månad etter tilsetjing	90 %	100 %	100 %
	E-læringskurs	Tal på tilsette med løyve til å dele ut medisin som har tatt nytt legemiddelhandteringskurs/oppdateringskurs	-	-	100 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,8 (samla for institusjon)	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for institusjon)	4,3 el. meir	4,3 el. meir
	Fagutvikling	Vidareutvikle demenskontakt i heimetenestene	Nei	Ja	20 % stilling
Tal på bebuarar frå E/F som nyttar frukostgruppe		4	4	4	





# NAV

LEIAR: ANDERS HAMMER

Det lokale NAV-kontoret har to styringslinjer – kommunal og statleg, og leverer hovudsakleg tenester knytt til arbeidsretta oppfølging av brukarane. Kommunen har ansvar for økonomisk sosialhjelp, dvs. bidrag og lån til vanskelegstilte. Sosialstønad er ei mellombels økonomisk hjelp til personar utan arbeidsinntekt og/eller trygd.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Å gi alle høve til å kome i arbeid.
- ▶ Å gi alle barn og unge høve til å delta og utvikle seg.
- ▶ Å betre levekåra for vanskelegstilte.
- ▶ Dempe skadeverknader av arbeidsløyse.

Kommunale tenester som er obligatoriske i NAV-kontoret: Opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, individuell plan og Kvalifiseringsprogrammet (lavterskeltilbod til personar med nedsett arbeids- og inntektsevne). Lovheimel knytt til tenestene kjem fram av Lov om sosiale tenester i NAV.

Arbeidsmarknaden i Ulstein er prega av store sysselsetjingsproblem i maritim sektor på grunn av lav oljepris og lav aktivitet innan olje- og gassnæringa. Medan arbeidsløysa har gått ned i store deler av landet hittil i 2017 er den framleis høg i Ulstein kommune. Situasjonen vil mest truleg holde fram i 2018. Mange bedrifter er inne inn i store omstillingsprosessar for å satse på nye områder for produksjon av varer, tenester og nye marknader.

*\*NAV har for få tilsette til å publisere tal frå medarbeidarundersøking og fråværsstatistikk etc.*

NAV Ulstein tilbyr oppfølging til bedrifter og arbeidsledige som er råka. NAV brukar betydelege midlar på arbeidsmarknadstiltak både til bedrifter i omstilling og arbeidssøklarar som treng bistand for å finne seg arbeid.

Utbetaling av økonomisk sosialhjelp er aukande som følgje av auka busetnad av flyktningar og generelt fleire som har behov for hjelp i ein vanskeleg livssituasjon. Med finansiering frå kommunen er NAV Ulstein godt i gang med prosjektet «Arbeidsruta» som bistår unge under 30 år med å få innpass i arbeidslivet.

NAV Ulstein er i omstilling og samanslåing med NAV Hareid er under planlegging. Det er ønskeleg med større NAV-kontor for å kunne prioritere betre, styrke fagmiljøet og legge til rette for kompetanseutvikling internt i NAV. Prosessen er avhengig av politiske vedtak i kommunestyra.

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018	
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr	0	0	
FLERE I ARBEID	Andel sjukmelde som har gjennomført dialogmøte 2 innan 26 veker	67 %	Min. 80 %	Min. 80 %	
	Andel arbeidssøklarar som har kome i arbeid innan 6 månader etter avgang NAV	64 %	Min. 60 %	Min. 60 %	
	Andel personar med nedsett arbeidsevne som har kome i arbeid innan 6 månader etter avgang NAV	36 %	Min. 45 %	Min. 45 %	
	Andel arbeidssøklarar og personar med nedsett arbeidsevne som har fått oppfølging frå NAV siste 6 månader	72 %	Min. 70 %	Min. 70 %	
	Andel verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand frå NAV	17,9 %	Min. 20 %	Min. 20 %	
NY	Tal på sosialhjelpsmottakarar i «Arbeidsruta» - snitt	-	-	10	
SERVICE	Andel «kontakt brukar» innan 48 timar	83 %	Min. 85 %	Min. 85 %	
BETRE LEVEVILKÅR FOR VANSKELEGSTILTE OG AUKA KUNNSKAP OM LEVEKÅR OG SOSIALE UTFORDRINGAR I KOMMUNEN	Tal på personar i målgruppa som får tilbod om Kvalifiseringsprogrammet	1	Min. 4	9	
	Tal på møter med UEKF pr. år, for å sikre gode bustader til vanskelegstilte	12	12	12	
	Tal på rapporteringar til kommunalsjef om utviklingstrekk	Kvart tertial	Kvart tertial	Kvart tertial	
ARBEID FØRST	Arbeidsløyse i % Ulstein kommune	4,5 %	Under 4,5 %	Under 4,5 %	
	Sjuefråvær i % Ulstein kommune	4,7 %	Under 5 %	Under 5 %	
AKTIVE BRUKARAR	Andel bruk av nettbaserte tenester i %	-	Min. 80 %	Min. 80 %	
ORG.	Løysingsdyktig organisasjon	Resultat HKI tilsette NAV Ulstein (kommunale og statlege)	21,1	24	24

BRUKAR

ORG.



# Legetenesta

LEIAR: INGER LISE KALDHOL

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Ei fagleg god fastlegeteneste for innbyggerane: Tilgang til fastlege for alle og godt tverrfagleg samarbeid med resten av helse- og omsorgstenesta.
- ▶ Arbeide med framtidig organisering av legevakt på Søre Sunnmøre for å få ei best mogleg teneste for innbyggerane.
- ▶ God kvalitet og kort ventetid i fysioterapiordninga.
- ▶ Vere ein tydeleg medisinskfagleg rådgjevar om samfunnsfaktorar som påverkar folkehelsa og ein pådrivar for kvalitet i helse- og omsorgstenestene og målretta helsefremmande tiltak.
- ▶ Vere ein brubyggjar og pådrivar for tverrfagleg samarbeid og samproduksjon innan heile kommunen og med eksterne samarbeidsaktørar som til dømes nabokommunar og helseføretak.

Under legetenester ligg fastlegetenesta, legevakt, fysioterapitenesta, veterinærtenesta og samfunnsmedisinske tenester.

- ▶ Fastlegetenesta skal sikre at innbyggerane i kommunen får nødvendige allmennlegetenester og at alle som ynskjer det kan få ein fast allmennlege å forhalde seg til.
- ▶ Legevakta skal alltid vere tilgjengeleg og gi helsehjelp når det hastar.
- ▶ Fysioterapeutane gir behandling og bidreg i habilitering og rehabilitering ved sjukdom og skade. Fysioterapeutane har gruppetilbod, og fleire har spesialiseringar som psykomotorisk fysioterapi og manuell terapi.
- ▶ Veterinærane bidreg gjennom dagleg arbeid og vaktarbeid til god dyrehelse og forsvarleg dyrevern.
- ▶ Samfunnsmedisinsk kompetanse vert nytta til medisinsk-fagleg rådgjeving, særleg aktuelt er dette innan folkehelsearbeid, miljøretta helsevern, smittevern og helseberedskap.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
	ØKONOMI	Avvik mot budsjett	-0,5 mill. kr	0	0
BRUKAR	Kapasitet i fastlegeordninga	Tal på opne lister med ledig kapasitet pr. år	2-3	3	3
	Fysioterapitenesta	Redusere ventetid, gjennomsnittleg ventetid i veker	3 månader	Maks 1 månad	Maks 1 månad
ORGANISASJON	Vere ein attraktiv arbeidsstad	Ledige fastlege- eller fysioterapiheimlar	0/16	0/16	0/16
	Kompetanseutvikling	Prosent spesialistar i allmenntillegmedisin av fastlegane	80 %	80 %	80 %
	Satsing på tenesteinnovasjon	Bidra i søknadsprosess og oppfølginga av nye prosjekt, tal på prosjekt	5	3	3



# Helsestasjonstenesta

LEIAR: KRISTIN MELI

Helsestasjonen er lokalisert på Reiten. Her er ni helsesøstre, to helsestasjonslegar, jordmor, kommuneoverlege og foreldrerettleiar, barnevernet. I tillegg har Ålesund familievernkantor avdelingskontor her.

Ulstein er vertskommune for den interkommunale jordmortenesta. Leiande helsesøster er administrativ leiar.

Helsestasjonen har fokus på helsefremmande og førebyggjande arbeid.

Helsestasjonen gir tilbod om oppfølging til alle barn som vert fødd i Ulstein kommune frå fødsel til og med vidaregåande skule - etter Nasjonale retningslinjer både ift. helsestasjon og skulehelseteneste. Helsestasjonen gir tilbod om ulike foreldreveiledningsprogram.

Utover dette har vi forsterka helsestasjon; eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som misbrukar rusmiddel. Vi har og eigne helsesøstre til asylsøkjjarar, flyktingar og helsestasjon for ungdom.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ 100 % oppslutning om helsestasjonen av aktuelle brukargrupper.
- ▶ Likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle barn i kommunen.
- ▶ Vektlegge psykisk helsearbeid blant barn og ungdom.
- ▶ Fokus på avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre.
- ▶ Kome tidleg inn og tilby foreldrestøttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	0,2 mill.kr.	0	0
	Søke prosjektmidlar til å utvide drifta	Helsesøsterstilling til stades på Ulstein vidaregåande skule	100 %	100 %	100 %
BRUKAR	Optimal oppslutning om helsestasjonen	Prosentvis andel nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	89 %	100 %	100 %
		Prosentvis andel gjennomførte seks-vekers kontrollar innan 8. leveveke	89 %	100 %	100 %
		Prosentvis andel gjennomførte to-årskontrollar	89 %	100 %	100 %
	Alle barn får individuelt tilpassa skulehelseteneste	Ressursar til skulehelseteneste i Ulstein, jf. nasjonal norm	50 %	75 %	75 %
	Vaksinasjonsdekning	Prosentvis vaksinasjonsdekning av barn, jf. nasjonalt vaksinasjonsprogram	93 %	95 %	95 %
ORGANISASJON	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,1	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,3	4,3 el. meir	4,3 el. meir
	Styrke kompetanseutvikling	Sjukefråvær	2,62 %	2,4 %	2 %









# Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

Haddal skule er den minste av fire barneskular i Ulstein, med for tida 67 elevar organisert i 5 grupper. SFO har i år 20 barn, halvparten med full plass. Elevane på Haddal skule kjem frå Eiksund, Garnes og Haddal og om lag halvparten av elevane har rett til skuleskyss. Haddal skule skal gi tenester til elevar i alderen 6-12 år i tråd med opplæringslova og jobbar for eit inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte elev.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Fokus på tydeleg klasseleiing og relasjonsbygging som gir trygt skulemiljø og god læring.
- ▶ Utvikle ein vurderingspraksis som aukar trivsel, motivasjon og læring.
- ▶ Nytte teknologi som verktøy i undervisninga for å auke motivasjon og læring.



Foto: Odd Kåre Wijk

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,5 mill. kr	0	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	-	50 poeng eller betre	50 poeng eller betre
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	-	50 poeng eller betre	50 poeng eller betre
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	-	50 poeng eller betre	50 poeng eller betre
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,6	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
		Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
	Skape eit positivt skulemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,6	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
Mobbing, elevundersøkinga		1,0	1,0 av 1,0	1,0 av 1,0	
ORGANISASJON	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	Ikkje nok respondentar	4 eller meir	4 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	Ikkje nok respondentar	4,3 eller meir	4,3 eller meir
		Sjukefråvær i %	8,67 %	5 %	5 %





# Hasund skule

LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Fokus på fagleg utvikling. Skulen legg vekt på den faglege utviklinga til elevane.
- ▶ Positivt skulemiljø. Det vert arbeidd målmedvite for å førebygge og forbetre elevmiljøet. Skulen har gode resultat på elevundersøkinga med omsyn til mobbing og trivsel.
- ▶ Godt arbeidsmiljø. Hasund skule arbeider systematisk med helse, miljø og sikkerheit og har plan for HMS med tilhøyrande årshjul for dette arbeidet.
- ▶ Vurdering for læring, - utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbyte som mål.
- ▶ Teknologi som verkty i undervisninga.

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 184 elevar på årsstega 1.-7. klasse. Desse er i skuleåret 2017/2018 organisert i 10 klassar. Skulen har SFO-tilbod med om lag 40 barn. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6-12 år.

SATSINGSOMRÅDE		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-1,3 mill kr	0	0
	BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	50 poeng eller betre
Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver			50 poeng	50 poeng eller betre	50 poeng eller betre
Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver			48 poeng	50 poeng eller betre	50 poeng eller betre
Vere gode på klasseleiing		Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,1 av 5,0	4,6 av 5,0	4,6 av 5,0
		Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,4 av 5,0	4,6 av 5,0	4,6 av 5,0
Skape eit positivt skulemiljø		Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,5 av 5,0	4,8 av 5,0	4,8 av 5,0
		Mobbing, elevundersøkinga	1,2 av 1,0	1,0 av 1,0	1,0 av 1,0
SFO		Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO	Ny måling 2017	5,0 av 6,0	5,0 av 6,0
		Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen	Ny måling 2017	5,0 av 6,0	5,0 av 6,0
ORGANISASJON		Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,5	4,0 eller meir
	Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år		4,0	4,3 eller meir	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %		5,62 %	5 %	5 %



# Ulstein skule

LEIAR: KAREN STRAND

Ulstein skule har elevar frå krunsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har skuleåret 2017/2018, 98 elevar fordelt på 1.-7. trinn. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla barnetal på 30 elevar. Vår teneste skal gi eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte elev i tråd med Opplæringslova.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Fagleg utvikling og betre læringsresultat. Ulstein skule jobbar målretta for å auke elevane sitt læringsutbytte med god tilpassa opplæring for alle elevar og med fokus på å auke alle elevane sin motivasjon og innsats.
- ▶ Positivt skulemiljø. Ulstein skule skal vere ein inkluderande skule som arbeider for å gi alle elevane høg livskvalitet. Vi skal gi elevane ei trygg ramme for sosial vekst og modning.
- ▶ Godt, trygt og inkluderande arbeidsmiljø. Vi skal fremme arbeidslyst og trivsel på Ulstein skule gjennom mellom anna å ha fokus på open og god dialog. Alle bidreg til god tilbakemeldingskultur og deler kunnskap og erfaring.
- ▶ Vurdering for læring, - utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbytte som mål.
- ▶ Ulstein skule vil at elevane skal få nytte ny og innovativ teknologi som støtte og verktøy i læringa.



SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018	
<b>ØKONOMI</b>	Avvik mot budsjett	0,2 mill. kr	0	0	
<b>BRUKAR</b>	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	51 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	52 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	61 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,1 av 5,0	4,8 av 5,0	4,8 av 5,0
		Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	4,1 av 5,0	4,7 av 5,0	4,7 av 5,0
	Skape eit positivt skulemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,9 av 5,0	5,0 av 5,0	5,0 av 5,0
		Mobbing, elevundersøkinga	1,0 av 1,0	1,0 av 1,0	1,0 av 1,0
	SFO	Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO	Ny måling 2017	5,0 av 6,0	5,0 av 6,0
Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen		Ny måling 2017	5,0 av 6,0	5,0 av 6,0	
<b>ORGANISASJON</b>	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,8	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,6	4,3 el. meir	4,3 el. meir
		Sjukefråvær i %	9,36 %	5 %	5 %



# Ulsteinvik barneskule

LEIAR: VEGARD GURSKJEVIK



## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Arbeide systematisk og godt med Vurdering for læring-satsinga.
- ▶ Arbeide systematisk og godt med Teknologiskule- satsinga.
- ▶ Vidareutvikle eit godt læringsmiljø i tråd med nye krav i §9a i Opplæringslova. God klasseleiing er ein sentral del av dette arbeidet.
- ▶ Styrke og utvikle systemarbeid for lese – og skrivestøtte.
- ▶ Ulsteinvik barneskule skal vere ein god og trygg arbeidsplass. Arbeidsmiljøet skal fremme helse, miljø og trivsel.

Ulsteinvik barneskule ligg sentralt i Ulsteinvik sentrum. Skulen har skuleåret 2017/2018 450 elevar fordelt på 21 klasser. Det vert gitt SFO-tilbod til om lag 126 barn. Skulen har tilhald i hovudbygget samt tre klasserom i brakkerigg. Det er eiga klasse for fleirspråklege elevar utan tilstrekkeleg norskkunnskapar. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med Opplæringslova for elevar i alderen 6 – 12 år. Det er nærare 70 tilsette ved skulen dette skuleåret.

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018	
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr	0	0	
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	51 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng eller betre
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,6 av 5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
		Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,4 av 5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
	Skape eit positivt skulemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
		Mobbing, elevundersøkinga	1,4 av 5,0	1,0 av 1,0	1,0 av 1,0
	SFO	Score frå brukarundersøking på "trivsel til barnet" i SFO	-	5,0 av 6,0	5,0 av 6,0
		Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen	-	5,0 av 6,0	5,0 av 6,0
	ORGANISASJON	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,3	4,0 el. meir
Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år			3,8	4,3 el. meir	4,3 el. meir
Sjukefråvær i %		5,38 %	5 %	5 %	



# Ulstein ungdomsskule

LEIAR: LEON ROMESTRAND

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik og har om lag 350 flotte elevar i alderen 13-16 år fordelt på 13 klasser. Skulen har også om lag 50 motiverte tilsette. Alle elevar får tilbod om gratis frukost ved skulestart og leksehjelp ved skuleslutt. Ulstein ungdomsskule har spesiell norskopplæring for asyl, flyktning og elevar med arbeidsinnvandringsbakgrunn.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ «Saman om meistring og mangfald» Ulstein ungdomsskule arbeider for at alle elevar skal meistre i eit skulemiljø der mangfald vert verdsett.
- ▶ Positivt skulemiljø. Skulen har laga ny «plan for godt skulemiljø» som inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skulemiljø. Ulstein ungdomsskule jobbar systematisk for å vere ein open skule der elevane sitt skulemiljø alltid er i fokus.
- ▶ Faglege resultat. Ulstein ungdomsskule ynskjer å oppnå gode resultat ved å gi elevane framovermeldingar i fag, sosial kompetanse og i orden og åttferd. Målet er auka læringsutbytte for elevane.
- ▶ Teknologi som verky i undervisninga. Alle elevar har 1:1 Chromebook.



Tre av elevane ved UUS med gode MOT-sitat: f.n. Elin Våge (9C), Emma Skeide Eikerem (9C), Mona Våge (10D) – Foto - Marie Flatin

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	0,7 mill. kr	0	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 8. steg, nasjonale prøver	49 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i lesing 9. steg, nasjonale prøver	53 poeng	53 poeng el. betre	53 poeng el. betre
		Meistringsnivå i engelsk 8. steg, nasjonale prøver	52 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i rekning 8. steg, nasjonale prøver	53 poeng	50 poeng el. betre	50 poeng el. betre
		Meistringsnivå i rekning 9. steg, nasjonale prøver	54 poeng	54 poeng el. betre	54 poeng el. betre
		Resultat grunnskulepoeng (10-60, 60 er best)	41,1 poeng	40,7 poeng el. betre	40,7 poeng el. betre
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	3,7 av 5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
		Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,7 av 5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
	Skape eit positivt skulemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,4 av 5,0	4,5 av 5,0	4,5 av 5,0
		Mobbing, elevundersøkinga	1,2	1,0 av 1,0	1,0 av 1,0
Godt samarbeid med lokale bedrifter	Tal på gjennomførte arrangement som styrker samarbeid mellom elev og lokale bedrifter	5	5	5	
ORG.	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,8	4,0 eller meir	4,0 eller meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,7	4,3 eller meir	4,3 eller meir
		Sjukefråvær i %	4,20 %	5 %	5 %



# Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Barnehagen skal gi barna ei trygg ramme for utvikling, vekst og modning.
- ▶ Godt arbeidsmiljø gjennom fokus på tydeleg og nær leiing og ansvarlege medarbeidarar med konstruktiv tilbakesmeldingskultur .Prosjekt saman med NAV.
- ▶ Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon og arbeide systematisk med kvalitetsutvikling. Autoritativt perspektiv er fokusområde 2017-18.
- ▶ Implementering av ny rammeplan.

Sundgotmarka barnehage ligg på Sundgot og har om lag 70 barn. Barna er fordelt på tre avdelingar i to bygg. Barnehagen ligg i tilknytning til bustadfelt, med skog, fjell og fjøre lett tilgjengeleg. Barnehagen nyttar dei gode turmoglegheitene i nærområdet. Uteområdet har både naturtomt og opparbeidd leikeareal.

Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,5 mill. kr	0	0
	BRUKAR	Leiing i grupper	Tal på foreldresamtalar pr. år	2	2
Tal på evalueringar på nær- og ansvarsgrupper (enkeltbarn) pr. år			2	2	2
Førebygging		Tal på dagar brukt til fokusområde autoritativt perspektiv	0	4	5
Arbeidsmiljø		Tal på planleggingsdagar brukt til utviklingsarbeid pr. år	5	5	5
		Tal på ped.leiarmøte i arbeidstida	8	10	7
		Tal på ped.leiarmøte med nærværarbeid ift. sjukefråvær	6	10	6
Godt samarbeid		Tal på foreldremøte pr. år	1	1	1
		Tal på møte i foreldreutvalet pr. år	2	2	2
ORGANISASJON	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,1	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,4	4,3 el. meir	4,3 el. meir
		Sjukefråvær i %	8,53 %	6 %	6 %
	Barnehagen som lærande organisasjon	Barnehagen har indikatorar til sine fokusområde for å sikre fagleg kvalitet	5	5	4





# PPT

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

Interkommunalt PPT er inne i ei stor organisasjonsendring, noko som medfører fleire interne og eksterne endringar. Frå 1. august 2017 samarbeider Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta om felles PPT. Fylkeskommunen med tre vidaregåande skular i dei same kommunane kjøper teneste. Ulstein kommune er vertskommune og kontoret ligg i fine lokale på Blåhuset i Ulsteinvik. Endringa vil medføre mykje arbeid på ulike nivå, då vi skal lage felles arbeidsmåtar og rutinar for alle kommunane. For at PPT skal fungere godt må PPT samarbeide med ulike interessentar som politikarar, rådmenn, kommunalsjefar for oppvekst og einingsleiar for barnehage. PPT må vere på overordna nivå og samarbeide om felles langsiktige satsingar i sektoren. Saman utarbeider vi felles forpliktande strategiar slik at tenesta kan nå mål med å bistå skule og barnehage med kompetanseheving og organisasjonsutvikling og utarbeide lovpålagde sakkunnige vurderingar.

## Teneste- og utviklingsmål

PPT skal arbeide strategisk for å oppnå resultat og nå mål. Det nye interkommunale PPT skal prioritere arbeid med kompetanseheving og organisasjonsutvikling, dette vil ha ein førebyggjande effekt og såleis redusere behovet for spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.

- ▶ God fagleg kompetanse på organisasjonsutvikling, kompetanseheving og sakkunnighetsarbeid. Bruke forskingsbasert kunnskap.
- ▶ Vere tydeleg, tilgjengeleg og bidra til heilskap og samanheng i alle ledd.
- ▶ Arbeide førebyggjande og bidra til tidleg innsats.
- ▶ PPT satsar på kompetanseheving om mobbing i ulike fasar: 1. Førebygging, 2. Mistanke/varsle, 3. Avklaring/avdekking, 4. Intervensjon og 5. Oppfølging/rehabilitering der autoritativ leiing er sentralt i alle ledd.
- ▶ PPT har eit positivt menneskesyn, ser på barnet/eleven som ressurs og arbeider for inkludering, tilpassa og likeverdig tilbod for alle der motivasjon og meistring står sentralt.
- ▶ PPT har fokus på å heve kvaliteten i det ordinære tilbodet.
- ▶ PPT arbeider systematisk med verdigrunnlaget i eigen organisasjon.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,3 mill. kr	0	0
BRUKAR	Effektiv og god sakshandsaming	Tal på sakkunnige vurderingar til saman	479	400	350
		Tal på individualsaker med systemarbeid i einingane	60	60	100
		Tal på tiltaksmøte	7 månader	3 månader	80
		Tal på einingar som deltek i organisasjonsutvikling	6	7	25
		Tal på einingar som deltek på kompetanseheving	1	2	200
		Tal på førespurnad om bistand	4	3	50
		Tal på samarbeid med overordna nivå i kommunane	2	2	20
ORGANISASJON	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,8	4,0 el. meir	4,0 el. meir
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,8	4,3 el. meir	4,3 el. meir
		Sjukefråvær i %	5,84 %	5 %	5 %
		Tal på skular med fast samarbeidstid	10	10	
		Tal på barnehagar med fast samarbeidstid	10	12	



# Ulstein kompetansesenter

LEIAR: LARS OVE MOLDSKRED

## Teneste- og utviklingsmål

Ulstein kompetansesenter er eit vaksenopplæringscenter som utviklar tenestene sine til beste for brukarane gjennom:

- ▶ Å arbeide målretta for at elevar/deltakarar skal ha høgt læringsutbytte, inkludert gode eksamensresultat.
- ▶ Systematisk skuleutvikling gjennom intern kompetanseutvikling, og kompetanseutvikling i fylkesnettverket for vaksenopplæring.
- ▶ Fokus på arbeidsmiljø, med tett oppfølging av medarbeidarar og skulemiljø.
- ▶ Å vere ein tydeleg aktør i arbeidet med integrering og inkludering av innvandrarar gjennom kvalifisering i norsk og samfunnskunnskap, og samarbeid med NAV og flyktningtenesta om introduksjonsordninga.

Ulstein kompetansesenter skal vere ein synleg og aktiv leverandør av tenester på områda:

- ▶ Norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar.
- ▶ Grunnskule for vaksne/spesialpedagogikk.
- ▶ Kommuneloped.
- ▶ Snoezelen/Kontrollert multisensorisk miljø.
- ▶ Opplæring i grunnleggande ferdigheiter.
- ▶ Norskopplæring og grunnskuleopplæring av asylsøkjjarar, 16-18 år.

SATSINGSOMRÅDE		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	-0,1 mill. kr	0	0
	BRUKAR	Skape god integrering gjennom kvalifisering	Tal på betalingslevar	80	70
Tal på kompetanse+ kurs			0	2	2
Kjernetid norskopplæring i samsvar med intensjonane i introduksjonslova			Norsk år 1: 16-20 t/v	Norsk år 1: 24 t/v	Norsk år 1: 16 t/v
			Norsk år 2: 9-13 t/v	Norsk år 2: 16 t/v	Norsk år 2: 12 t/v
Tal på kandidatar som får resultat A2 eller betre på munnleg norskprøve			32 av 34	80 %	80 %
Tal på deltakarar som består samfunnsfagprøve på morsmålet eller norsk			Morsmål: 17/18 Norsk: 3/4	80 %	80 %
Døropnar for vidareutvikling		Logoped, ventetid i prioriterte saker	2 veker	2 veker	2 veker
		Snoezelen, tal på betalande elevar	12	14	14
		Grunnskule vaksne, spesialpedagogikk, reduksjon av enkeltimar, oppretting av grupper, tal på grupper	4	6	6
ORGANISASJON		Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,7	4,0 eller meir
	Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år		4,0	4,3 eller meir	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %		4,15 %	<4 %	<4 %



# Inkludering og mangfald

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

Ulstein kommune buset flyktningar etter førespurnad frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Det er kommunestyret som vedtek om kommunen skal ta imot flyktningar, og kor mange personar vi vil busette kvart år.

For 2017 vart det vedteke å busette 23 flyktningar, i tillegg til familiesameinte. Talet for 2018 er usikkert ettersom IMDi enno ikkje har sendt oppmoding til kommunane. IMDi har meldt at mange kommunar vil få tildelt færre flyktningar. Avdeling for inkludering og mangfald i Ulstein har som mål å jobbe for betre inkludering og integrering i det mangfaldige samfunnet som Ulstein er. Flyktingtenesta har ansvar for busetting av flyktningar, oppfølging i etableringsfasen og for introduksjonsprogrammet. Arbeidet skal bere preg av likeverd og likestilling, og bidra til kvalifisering slik at flyktingane blir aktive i arbeidslivet og kan få utnytte ressursane sine og klare seg sjølv. Flyktingtenesta er ein allsidig og utfordrande arbeidsplass, samlokalisert med Vaksenopplæringa.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Målretting/arbeidsretting av introduksjonsprogrammet for å få større overgang til arbeid eller utdanning.
- ▶ 70 % av alle flyktningar ut i jobb eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram.
- ▶ Utvikle samarbeid med frivillig sektor og jobbe for auka deltaking i frivillig arbeid.
- ▶ Vidareutvikle og styrke samarbeid med arbeidslivet og bidra til å få fleire deltakarar ut i relevant praksis.
- ▶ Heve kompetansenivået for flyktingarbeidet i Ulstein kommune.
- ▶ Skape nye arena for inkludering og integrering.
- ▶ Styrke samhandlinga mellom etatar og tenester som jobbar med busette flyktningar.

	SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	MÅL 2017	MÅL 2018
ØKO.		Avvik mot budsjett	3,5 mill. kr	0	0
BRUKAR	Busetting	Tal på busette flyktningar	32 + 15 familiesameinte	23 + familie sameinte	?
	Arbeidsretting/ Skuleretning	Andel av deltakarane i introduksjonsprogrammet som har tilbod om relevant praksis	(ikkje målt)	-	Alle som har vore 8 månader eller meir i programmet
		Tal på veker med norskopplæring pr. år	45	45	45
		Tal på veker med yrkesretta undervisning pr. år	45	45	45
		Tal på deltakarar i praksis	-	-	30
	Integrering	Prosentdel av deltakarar går vidare til jobb eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram	21,4 %	70 %	70 %
ORG.	Kompetanseheving	Alle tilsette i avdeling for inkludering og mangfald skal ha høve til å delta på kompetansehevande tiltak	Alle har fått tilbod om eitt eller fleire kurs	Alle har fått tilbod om eitt eller fleire kurs	Lokal fagdag. Alle får tilbod om minst eitt kurs

**MOT** til å  
bry seg

**MOT** til å  
leve





# Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

Kulturavdelinga vart oppretta som eiga avdeling frå august 2014 og omfattar kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus, Sjøborg kino, drift av idrettsanlegg, Ungdomsklubben Bell og Frivilligsentralen. Avdelinga er også koordinator for Ungdomsrådet og arrangør av kulturdagane Smak av Ulstein.

## Teneste- og utviklingsmål

